



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 3

(2008–2009)

Statsrekneskapen for 2008

Innhald

1	Hovudtrekk i finanspolitikken..	7	2.15	Fornyings- og administrasjonsdepartementet	35
1.1	Innleiing.	7	2.16	Finansdepartementet.....	36
1.2	Budsjettpolitikken	9	2.17	Forsvarsdepartementet	37
1.3	Det strukturelle, oljekorrigerte underskotet.....	9	2.18	Olje- og energidepartementet.....	38
1.4	Hovudtala i statsrekneskapen.....	9	2.19	Statsbankane.....	39
1.5	Det oljekorrigerte underskotet....	10			
1.5.1	Utviklinga frå saldert til nysaldert budsjett	10	3	Statens pensjonsfond	40
1.5.2	Utviklinga etter nysalderinga	10	3.1	Statens pensjonsfond – Utland	40
1.6	Veksten i utgiftene på statsbudsjettet.....	12	3.2	Statens pensjonsfond – Noreg	45
1.7	Lånetransaksjonar og finansieringsbehov	12	4	Staten sin balanse og kommentarar til finanspostar ..	48
1.8	Skattar og avgifter frå Fastlands-Noreg	13	4.1	Staten sin balanse med notar	48
1.9	Utgifter og inntekter frå petroleumsverksemda – Statens pensjonsfond – Utland	14	4.2	Finansinntekter og finansutgifter ..	50
1.10	Utlån av statspapir med sikring i eller byte med obligasjonar med fortrinnsrett.....	15	4.3	Garantiar	51
			4.4	Prinsipp for føring av statsrekneskapen	52
2	Departementsvise omtaler	16			
2.1	Konstitusjonelle institusjonar	16	Vedlegg		
2.2	Utanriksdepartementet	17	1	Oversikt over statsrekneskapen 2008	54
2.3	Kunnskapsdepartementet	18	2	Løyvingsrekneskap for staten	73
2.4	Kultur- og kyrkjedepartementet ...	20		Løyvingsrekneskap for staten, utgifter.....	73
2.5	Justis- og politidepartementet.....	21		Løyvingsrekneskap for staten, inntekter	142
2.6	Kommunal- og regionaldepartementet	22		Fullmakt til å overskride gitte løyvingar i 2008.....	181
2.7	Arbeids- og inkluderingsdepartementet.....	23		Tilsegningsfullmakter	202
2.8	Helse- og omsorgsdepartementet..	26		Bestillingsfullmakter	206
2.9	Barne- og likestillingsdepartementet.....	28	3	Kapitalrekneskap for staten	208
2.10	Nærings- og handelsdepartementet	30		Eiendeler	208
2.11	Fiskeri- og kystdepartementet	30		Forpliktelser	217
2.12	Landbruks- og matdepartementet	32		Egenkapital	225
2.13	Samferdselsdepartementet	32		Notar og spesifikasjonar	226
2.14	Miljøverndepartementet	34		Aksjeinteresser	234
				Statens inntektskrav.....	247
			4	Staten sitt garantiansvar	249
			5	Andre rekneskap og spesifikasjonar	254
				Svalbardrekneskapen.....	254
				Andre spesifikasjonar.....	256

Tabelloversikt

Tabell: 1.1 Den strukturelle, oljekorrigerte budsjettbalansen	9	Tabell: 1.10 Løyvingar og rekneskap utan lånetransaksjonar 2008 på programområde	67
Tabell: 1.2 Inntekter og utgifter utanom lånetransaksjonar på statsbudsjettet og Statens pensjonsfond 2008	10	Tabell: 1.11 Balansekonto for staten	68
Tabell: 1.3 Lånetransaksjonar og finansieringsbehov 2008	13	Tabell: 1.12 Note til balansekonto for staten, avslutningskonto for statsrekneskapen konto 99.00.00.....	69
Tabell: 3.1 Samla verdi av Statens pensjonsfond	40	Tabell: 1.13 Note til endringar i avslutningskonto 99.00.00, spesifikasjon av forskyvingar i balansen 2008.....	69
Tabell: 3.2 Resultatrekneskap for Statens pensjonsfond – Utland	42	Tabell: 1.14 Note som syner samanhengen mellom finansieringsbehovet (kap 5999) og faktisk endring i kontantbeholdninga	70
Tabell: 3.3 Balanse for Statens pensjonsfond – Utland per 31.12.2008	44	Tabell: 1.15 Note med oversyn over statsrekneskapen 2008 ut frå kjelde til postering	72
Tabell: 3.4 Spesifisering av endring i balansen for Statens pensjonsfond – Utland ..	45		
Tabell: 3.5 Folketrygdfondets resultatrekneskap for Statens pensjonsfond – Noreg	46	Vedlegg 2	
Tabell: 3.6 Hovudtal i balansen for Statens pensjonsfond – Noreg per 31.12	47	Tabell: 2.1 Løyvingsrekneskap for staten, utgifter	73
Tabell: 4.1 Staten sine eigedelar og gjeld	48	Tabell: 2.2 Løyvingsrekneskap for staten, inntekter	142
Tabell: 4.2 Renter	51	Tabell: 2.3 Fullmakt til å overskride gitte løyvingar i 2008	181
Tabell: 4.3 Samla garantiansvar for staten per 31.12.2008	52	Tabell: 2.4 Tilsegnfullmakter per 31. desember 2008	202
Vedlegg 1		Tabell: 2.5 Bestillingsfullmakter per 31. desember 2008	206
Tabell: 1.1 Staten sine samla inntekter og utgifter 2004–2008	54	Vedlegg 3	
Tabell: 1.2 Løyvingsrekneskapen for budsjettterminen 2008	56	Tabell: 3.1 Kapitalrekneskap for staten	208
Tabell: 1.3 Løyvingar og rekneskap 2008	58	Tabell: 3.2 Note til kapitalrekneskapens konto 68, spesifikasjon av statens faste kapital i statsbedriftene	226
Tabell: 1.4 Løyvingsrekneskapen for 2007 – 2008	60	Tabell: 3.3 Note til kapitalrekneskapens konto 80, endring i statsgjelda	226
Tabell: 1.5 Oversikt over løyvingsrekneskapen sine hovudgrupper for 2004 – 2008 ..	62	Tabell: 3.4 Note til kapitalrekneskapens konto 80, spesifikasjon av kontolån til statskassa per 31. desember 2008	227
Tabell: 1.6 Samla utgifter for løyvingsrekneskapen og overførte løyvingar i 2008 fordelt på utgiftsgrupper	63	Tabell: 3.5 Note til kapitalrekneskapens konto 80, Statsgjelda	228
Tabell: 1.7 Løyvingane 2008 fordelt etter departement og grupper av postnummer	64	Tabell: 3.6 Aksjeinteresser per 31. desember 2008	234
Tabell: 1.8 Rekneskap 2008 fordelt etter departement og grupper av postnummer	65	Tabell: 3.7 Statens inntektskrav vedk. skattar, avgifter og refusjonskrav	247
Tabell: 1.9 Løyvingar og rekneskap 2008 fordelt etter art på programområde ..	66		

Vedlegg 4

Tabell: 4.1 Garantiansvar	249
Tabell: 4.2 Garantiar stilt av staten per 31. desember 2008	250

Vedlegg 5

Tabell: 5.1 Svalbardrekneskapen, Administrasjon av Svalbard 2008 ..	254
Tabell: 5.2 Svalbardrekneskapen. Balansekonto per 31. desember 2008	255
Tabell: 5.3 Svalbardrekneskapen. Note til balansekonto, beholdnings- endringar 2008	255
Tabell: 5.4 Statsbygg. Balanse per 31. desember 2008	256

Tabell: 5.5 Statens kartverk. Balanse per 31. desember 2008	256
Tabell: 5.6 NVE Anlegg. Balanse per 31. desember 2008	257
Tabell: 5.7 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleums- verksemda. Balanse per 31. desember 2008	257
Tabell: 5.8 Statens pensjonskasse – Forvaltningsbedrift. Balanse per 31. desember 2008	258
Tabell: 5.9 Statens petroleums- forsikringsfond. Balanse per 31. desember 2008	258
Tabell: 5.10 NORFUND. Balanse per 31. desember 2008	259

Oversikt over boksar

Boks 1.1 Samanhengen mellom det strukturelle og det oljekorrigerte budsjettunderskotet	8
--	---

St.meld. nr. 3

(2008–2009)

Statsrekneskapen for 2008

*Tilråding frå Finansdepartementet av 24. april 2009,
godkjent i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Hovudtrekk i finanspolitikken

1.1 Innleiing

Finansdepartementet legg med dette fram meldinga om statsrekneskapen for 2008.

Meldinga omfattar statsrekneskapen med ein løyvingerekneskap og ein kapitalrekneskap. Løyvingerekneskapen syner samla løyving og rekneskap for kvar post i statsbudsjettet. For utgiftspostane vert det òg vist overført løyving frå 2007 til 2008 og overført løyving frå 2008 til 2009. Kapitalrekneskapen syner staten sine eigedelar, gjeld og eigenkapital. Meldinga inneheld òg oversyn over rekneskapen for Svalbard, staten sitt garantiansvar, tilsegn- og tingsingsfullmakter og ei oppgåve over aksjar som staten eig.

I meldinga vert det gjort greie for løyvingane på statsbudsjettet og rekneskapsførte tal. Det vert lagt vekt på å forklare årsakene til avvik mellom budsjett og rekneskap. I kapittel 1 vert det gjort greie for hovudelementa i budsjettpolitikken. Dette omfattar mellom anna bruken av petroleumsinntekter, veksten i staten sine utgifter og skatte- og avgiftsinntekter frå Fastlands-Noreg og frå petroleumsverksemda. Lånetransaksjonar og finansieringsbehov vert òg omtala. Kapittel 2 gjev ein nærare omtale av departementa sine område. I kapittel 3 er rekneskapen til Statens pensjonsfond

omtalt, medan det i kapittel 4 er gjort greie for staten sin balanse og finanspostar.

I tabellane i statsrekneskapen kan det som følge av avrundingar vere avvik mellom sumtalet i tabellane og summen av dei enkelte tala som inngår i summen. Det er lagt til grunn at sumtalet skal vere i tråd med rekneskapstalet for den saka tabellen omhandlar under eitt.

Dei samla inntektene i statsrekneskapen for 2008 er 1 182,6 mrd. kroner, medan utgiftene er 778,6 mrd. kroner, jf. tabell 1.2. Lånetransaksjonar er då ikkje rekna med. Statsbudsjettet sine netto inntekter frå petroleumsverksemda er 415,9 mrd. kroner, fordelt med 437,7 mrd. kroner i inntekter og 21,8 mrd. kroner i utgifter. Nettoinntektene frå petroleumsverksemda vart overførte til Statens pensjonsfond – Utland. Dei samla inntektene utanom petroleumsverksemda og lånetransaksjonar er på 744,9 mrd. kroner, medan utgiftene er på 756,7 mrd. kroner. Statsrekneskapen syner dermed eit oljekorrigert underskot på 11,8 mrd. kroner.

Ved nysalderinga av statsbudsjettet for 2008 vart det lagt til grunn eit oljekorrigert underskot på 8,4 mrd. kroner. Dette vart overført frå Statens pensjonsfond – Utland i tråd med Stortinget sitt budsjettvedtak på kapittel 5800. Statsrekneskapen for 2008 vert dermed gjort opp med eit underskot

på 3,4 mrd. kroner. Sett bort frå petroleumsverksemda auka inntektene med vel 0,1 mrd. kroner, medan utgiftene auka med knapt 3,6 mrd. kroner samanlikna med anslaga i nysaldert budsjett 2008. Medrekna petroleumsverksemda auka inntektene med vel 0,5 mrd. kroner, medan utgiftene auka med knapt 1,0 mrd. kroner.

Det strukturelle, oljekorrigerte underskotet for 2008 er no rekna til 72,2 mrd. kroner. Dette er 4,6 mrd. kroner lågare enn anslaget i Nasjonalbudsjettet 2008, der det strukturelle underskotet i 2008 vart rekna til 76,8 mrd. kroner.

Forutan netto kontantstraum frå petroleumsverksemda på 415,9 mrd. kroner og overføring frå Statens pensjonsfond – Utland til statsbudsjettet på 8,4 mrd. kroner, syner rekneskapen for Statens pensjonsfond 103,1 mrd. kroner i renteinntekter og utbytte, fordelt med 97,8 mrd. kroner i renteinntekter og utbytte frå Statens pensjonsfond – Utland og 5,3 mrd. kroner i renteinntekter og utbytte frå

Statens pensjonsfond – Noreg. Det samla overskotet i Statens pensjonsfond vart 510,6 mrd. kroner i 2008. Av dette er overskotet i Statens pensjonsfond – Utland 505,3 mrd. kroner. Samla sett vert statsrekneskapen og Statens pensjonsfond gjort opp med eit overskot på 507,2 mrd. kroner i 2008.

Ved utgangen av 2008 var den bokførte verdien av Statens pensjonsfond – Utland 2 279,6 mrd. kroner. Det er 261,1 mrd. kroner meir enn ved utgangen av 2007. Forutan overskotet på 505,3 mrd. kroner med fråtrekk for realiserte tap på 102,9 mrd. kroner og urealiserte tap på 630,2 mrd. kroner, auka verdien av fondet grunna svekka kronekurs med 506,2 mrd. kroner. Statens kjøp av aksjar i StatoilHydro ASA for til saman 17,1 mrd. kroner reduserte kapitalen tilsvarande.

Frå utgangen av 2007 til utgangen av 2008 vart kapitalen i Statens Pensjonsfond – Noreg redusert med 29,6 mrd. kroner, frå 117,3 mrd. kroner til 87,8 mrd. kroner. Endringa kjem av renteinntekter og

Boks 1.1 Samanhengen mellom det strukturelle og det oljekorrigerte budsjettunderskotet

Retningslinene for budsjettpolitikken tek sikte på ein gradvis og langsiktig forsvarleg auke i bruken av petroleumsinntekter i norsk økonomi, om lag i takt med venta avkastning av Statens pensjonsfond – Utland. For å unngå ein budsjettpolitikk som medverkar til å gjere den økonomiske utviklinga ustabil, er bruken av petroleumsinntekter knytt til utviklinga i det strukturelle, oljekorrigerte budsjettunderskotet og ikkje til utviklinga i det faktiske, oljekorrigerte budsjettunderskotet. Det oljekorrigerte budsjettunderskotet avheng ikkje berre av budsjettpolitikken, men òg av konjunktursituasjonen. Til dømes vil det oljekorrigerte budsjettunderskotet normalt auke ved eit konjunkturtilbakeslag, medan det vil falle i ein konjunkturoppgang. Om ein skulle ta sikte på å la det faktiske budsjettunderskotet følgje utviklinga i avkastninga av Statens pensjonsfond – Utland, måtte ein stramme til politikken i ei nedgangstid, medan ein kunne senke skattane eller auke utgiftene ekstra i ei oppgangstid. Ein slik politikk ville vere etterspørselstimulerande i gode tider og etterspørseldempande i dårlege tider. Når ein styrer budsjettpolitikken etter eit mål for utviklinga i det strukturelle, oljekorrigerte budsjettunderskotet, er det mellom anna for å unngå denne typen medsykisk politikk. For å kome frå det oljekorrigerte til det strukturelle, oljekorrigerte budsjettunderskotet gjer ein følgjande korreksjonar:

- For å reinse den oljekorrigerte budsjettbalansen for verknaden av at konjunkturane skil seg frå det normale, reknar ein budsjettverknadene av at skattegrunnlaga avvik frå trendnivåa. Vidare tek ein omsyn til at utbetalingane av trygd til arbeidslause avheng av konjunktursituasjonen.
- Det vert korrigerert for skilnaden mellom normalnivåa for staten sine renteinntekter og renteutgifter, og for overføringane frå Noregs Bank og dei verkelege overførings- og rentestraumane.
- Ein korrigerer òg for endringar i rekneskapstilhøve og i funksjonsdelinga mellom staten og kommunane som ikkje påverkar den underliggende utviklinga i budsjettbalansen.

Ei rad andre land nyttar utviklinga i ein strukturell budsjettbalanse som utgangspunkt for innrettinga av budsjettpolitikken. I tråd med dette utarbeider OECD og EU standardiserte utrekningar av strukturelle budsjettunderskot i medlemslanda. Desse utrekningane er basert på meir aggregerte berekningar enn dei tala for Noreg som Finansdepartementet publiserer i budsjettdokumenta. Det metodiske grunnlaget er likevel svært likt det ein nyttar ved dei norske utrekningane.

utbyte på 5,3 mrd. kroner og 34,9 mrd. kroner i samla kurstap på aksje- og renteplasseringane.

1.2 Budsjettpolitikken

Eit fleirtal i Stortinget slutta seg våren 2001 til retningslinjer for den økonomiske politikken som inneber at petroleumsinntektene gradvis vert fasa inn i økonomien, om lag i takt med venta realavkastning av Statens pensjonsfond – Utland. Budsjettpolitikken skal medverke til ei stabil utvikling i norsk økonomi. Intensjonen bak retningslinjene er å syte for ein jamn auke i bruken av petroleumsinntektene til eit langsiktig forsvarleg nivå. Samstundes opnar dei for at handlefridomen som petroleumsinntektene gjev, kan brukast til å stimulere produksjon og sysselsetjing i periodar med høg og aukande arbeidsløyse. Motsett vil det vere naudsynt å halde attende i budsjettpolitikken i periodar med høg kapasitetsutnytting og presstendensar i økonomien. Bruken av petroleumsinntekter vert målt ved det strukturelle, oljekorrigerte budsjettunderskotet. Ved utrekning av det strukturelle, oljekorrigerte underskotet vert det mellom anna teke omsyn til at delar av statens inntekter og utgifter endrar seg med konjunkturane og til endringar i rekneskapstillhøve, sjå boks 1.1.

1.3 Det strukturelle, oljekorrigerte underskotet

Med utgangspunkt i statsrekneskapen for 2008 er bruken av petroleumsinntekter i 2008 no rekna til 72,2 mrd. kroner, målt ved det strukturelle, oljekorrigerte underskotet. Dette er 4,6 mrd. kroner lågare enn anslaget i Nasjonalbudsjettet 2008, der det strukturelle, oljekorrigerte underskotet i 2008 vart rekna til 76,8 mrd. kroner. Venta realavkastning av Statens pensjonsfond – Utland i 2008 er rekna til 80,7 mrd. kroner, eller om lag 8,6 mrd. kroner høgare enn det strukturelle, oljekorrigerte underskotet. Det strukturelle, oljekorrigerte underskotet svarer til 4,2 prosent av trend-BNP for Fastlands-Noreg.

Endringane i statsbudsjettet som vart foreslått i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2008, innebar at talet for det strukturelle, oljekorrigerte underskotet vart redusert med 2,9 mrd. kroner til 73,9 mrd. kroner. Frå Revidert nasjonalbudsjett 2008 til nysaldert budsjett for 2008 vart det strukturelle, oljekorrigerte underskotet redusert med 1,1 mrd. kroner til 72,7 mrd. kroner, mellom anna som følgje av ny informasjon om utviklinga i skatteinntektene. Det strukturelle, oljekorrigerte underskotet er no rekna til 72,2 mrd. kroner, drygt 0,5 mrd. lågare enn lagt til grunn i nysaldert budsjett.

Tabell 1.1 Den strukturelle, oljekorrigerte budsjettbalansen (tal i mill. kroner)

	2008
Oljekorrigert underskot på statsbudsjettet	11 797
– Overføringer frå Noregs Bank ut over berekna trendnivå	6 010
– Netto renteinntekter. Avvik frå berekna trendnivå	-7 545
– Særskilde rekneskapshøve	-107
– Aktivitetskorreksjonar	-58 733
= Strukturelt, oljekorrigert underskot	72 173

1.4 Hovudtala i statsrekneskapen

Tabell 1.2 gjev ei samla oversikt over inntektene, utgiftene og overskotet på statsbudsjettet, statsrekneskapen og Statens pensjonsfond gjennom 2008.

Samla overskot i statsbudsjettet og Statens pensjonsfond auka med 113,7 mrd. kroner, frå 393,5 mrd. kroner i 2007 til 507,2 mrd. kroner i 2008. Utanom petroleumsverksemda auka inntektene med 52,3 mrd. kroner, medan utgiftene auka med

62,7 mrd. kroner. Samla sett inneber det at det oljekorrigerte underskotet auka med 10,5 mrd. kroner frå 2007 til 2008.

Den netto kontantstraumen frå petroleumsverksemda auka med 99,5 mrd. kroner, frå 316,4 mrd. kroner i 2007 til 415,9 mrd. kroner i 2008, i hovudsak grunna høgare oljepris. Renteinntekter og utbyte i Statens pensjonsfond auka med 24,7 mrd. kroner, frå 78,4 mrd. kroner i 2007 til 103,1 mrd. kroner i 2008.

Tabell 1.2 Inntekter og utgifter utanom lånetransaksjonar på statsbudsjettet og Statens pensjonsfond 2008 (tal i mill. kroner):

	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Nysaldert budsjett 2008	Rekneskap 2008
1. Statsbudsjettet				
A Inntekter i alt	1 030 124	1 036 759	1 182 130	1 182 631
A.1 Inntekter frå petroleumsverksemda	337 446	328 073	437 340	437 705
A.2 Inntekter utanom petroleumsverksemda	692 678	708 686	744 790	744 927
B Utgifter i alt	715 077	771 404	777 601	778 563
B.1 Utgifter til petroleumsverksemda	21 056	26 300	24 441	21 839
B.2 Utgifter utanom petroleumsverksemda	694 021	745 104	753 160	756 724
Statsbudsjettet sitt oljekorrigerte overskot (A.2-B.2)	-1 342	-36 418	-8 370	-11 797
+ Overført frå Statens pensjonsfond – Utland	2 810	36 418	8 370	8 370
= Statsbudsjettet sitt overskot før lånetransaksjonar	1 468	0	0	-3 427
2. Statens pensjonsfond				
Statsbudsjettet sin netto kontantstraum frå petroleumsverksemda (A.1-B.1), vert overført til Statens pensjonsfond – Utland	316 389	301 773	412 899	415 866
– Overført til statsbudsjettet	2 810	36 418	8 370	8 370
+ Renteinntekter og utbyte i fondet ¹	78 409	78 600	84 200	103 119
= Overskot i Statens pensjonsfond	391 988	343 955	488 729	510 615
3. Statsbudsjettet og Statens pensjonsfond				
Samla overskot	393 456	343 955	488 729	507 188

¹ For 2007 var renter og utbyte i Statens pensjonsfond – Utland 74,3 mrd. kroner og i Statens pensjonsfond – Noreg 4,1 mrd. kroner. For 2008 var tala 97,8 mrd. kroner og 5,3 mrd. kroner.

Kjelde: Finansdepartementet

1.5 Det oljekorrigerte underskotet

1.5.1 Utviklinga frå saldert til nysaldert budsjett

Inntektsløyvingane utanom lånetransaksjonar for 2008 auka med 145,4 mrd. kroner frå saldert budsjett til nysaldert budsjett. Utgiftsløyvingane utanom lånetransaksjonar auka med 6,2 mrd. kroner i same periode. Sett bort frå petroleumsverksemda var inntektene 36,1 mrd. kroner høgare i nysaldert budsjett enn i saldert budsjett, medan utgiftene var 8,1 mrd. kroner høgare. Samla gav dette eit oljekorrigert underskot på 8,4 mrd. kroner i nysaldert budsjett for 2008, noko som er 28,0 mrd. kroner lågare enn i saldert budsjett.

Nedgangen i det oljekorrigerte underskotet frå saldert til nysaldert budsjett må sjåast i samanheng med vesentleg auka skatte- og avgiftsinntek-

ter på 33,0 mrd. kroner. Ein stor del av denne auken kan først tilbake til konjunktursituasjonen.

Budsjettutviklinga gjennom 2008 fram til nysalderinga er omtala nærare i St.prp. nr. 1 (2008–2009) Statsbudsjettet 2009, St.meld. nr. 1 (2008–2009) Nasjonalbudsjettet 2009, St.prp. nr. 59 (2007–2008) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2008, St.meld. nr. 2 (2007–2008) Revidert nasjonalbudsjett 2008 og St.prp. nr. 30 (2008–2009) Ny saldering av statsbudsjettet 2008.

1.5.2 Utviklinga etter nysalderinga

I statsrekneskapen for 2008 er det oljekorrigerte underskotet 11,8 mrd. kroner. Dette er 3,4 mrd. kroner høgare enn lagt til grunn ved nysalderinga, jf. tabell 1.2. Sett bort frå petroleumsverksemda auka både inntektene og utgiftene. Utgiftene auka med 3,5 mrd. kroner meir enn inntektene.

Tilbakeføringa frå Statens pensjonsfond – Utland til statsbudsjettet vart endeleg fastlagd i nysaldert budsjett for å dekkje det oljekorrigerte underskotet slik det vart forventa då. På denne bakgrunnen vert statsrekneskapen for 2008 gjort opp med eit underskot på 3,4 mrd. kroner. Endringa på 3,4 mrd. kroner samanlikna med nysaldert budsjett kjem fram slik:

- Inntektene utanom petroleumsinntekter auka med 0,1 mrd. kroner, frå 744,8 mrd. kroner til 744,9 mrd. kroner. Dei faktiske skattane vart 3,0 mrd. kroner lågare, medan andre inntekter auka med om lag 3,1 mrd. kroner.
- Utgiftene utanom petroleumsverksemda auka med 3,6 mrd. kroner, frå 753,2 mrd. kroner til 756,7 mrd. kroner.

Med i desse tala er auka inntekter og utgifter på 1,6 mrd. kroner frå standard refusjonar som ikkje vert budsjetterte med beløp på løyvingane i saldert budsjett. Dette er refusjonar frå mellom anna arbeidsmarknadsetaten og folketrygda som heimlar meirutgifter for statlege verksemdar sine utgifter til arbeidsmarknadstiltak, løn under fødsels- og adopsjonspersmisjon, løn til lærlingar og løn under sjukdom. Meirutgifter knytt til at overføringane frå 2008 til 2009 vart lågare enn overføringane frå 2007 til 2008 er òg rekna med i dei auka utgiftene frå nysalderinga til rekneskapen.

Endringar i inntektene

Tabellen syner endringar i inntektene utanom lånetransaksjonar og petroleumsinntekter samanlikna med nysaldert budsjett (tal i mill. kroner):

Skattar og avgifter frå Fastlands-Noreg	-2 973
+ Aksjeutbyte og renteinntekter, medrekna renteinntekter under folketrygda og lån til helseføretaka	170
+ Andre inntekter, netto	1 305
= Auka inntekter utan standard refusjonar	-1 499
+ Meirinntekter frå standard refusjonar	1 635
= Samla auka inntekter	136

Inntektene utan meirinntekter i form av standard refusjonar for sjukepengar o.a. vart samla sett 1,5 mrd. kroner lågare i rekneskapen enn i nysaldert budsjett. Skatte- og avgiftsinntektene gjekk ned med om lag 3 mrd. kroner, medan andre inntekter auka med om lag 1,5 mrd. kroner. Av dette syner rekneskapen 0,2 mrd. kroner i auka inntekter frå renter og utbyter, medan meirinntekter på

budsjettposter som det er knytte meirinntektsfullmakter til, utgjer om lag 1,3 mrd. kroner. Mellom anna vart inntektene til Politidirektoratet, Nasjonalt Folkehelseinstitutt, Brønnoysundregistrene og fylkesmannsembeta høgare enn budsjetterte med for 2008. Nokre departement har òg høve til å utføre oppdragsverksemd mot refusjon av utgiftene. Ut over dette omfattar meirinntektene under departementa mindre beløp for ei rekkje gebyr-, sals- og leigeinntekter o.a. Samla sett auka inntektene utanom lånetransaksjonar og petroleumsverksemda med 0,1 mrd. kroner frå nysaldert budsjett.

Endringar i utgiftene

Tabellen syner endringar i utgiftene utanom lånetransaksjonar og petroleumsutgifter samanlikna med nysaldert budsjett. Hovudkomponentane er (tal i mill. kroner):

Momskompensasjon til kommunar og fylkeskommunar	-379
+ Stønader under folketrygda medrekna utgifter til dagpengar	324
+ Tilskot til Statens pensjonskasse	-162
+ Meirutgifter motsvara av reduserte overføringar til 2009	1 724
+ Meirutgifter motsvara av meirinntektsfullmakter	1 296
+ Andre utgifter	-874
= Meirutgifter før standard refusjonar	1 929
+ Meirutgifter motsvara av standard refusjonar	1 635
= Samla auka utgifter	3 564

Samla syner rekneskapen meirutgifter på 3,6 mrd. kroner samanlikna med nysaldert budsjett.

Når ein ser bort frå auka utgifter som heng saman med standard refusjonar, syner rekneskapen 1,9 mrd. kroner høgare utgifter enn lagt til grunn i anslag på rekneskapen ved nysaldert budsjett. Med i denne netto auken ligg meirutgifter på 1,3 mrd. kroner som må sjåast i samanheng med departementa og forvaltninga si bruk av meirinntektsfullmakter. Vidare gjekk overføringane frå 2008 til 2009 ned med om lag 1,7 mrd. kroner samanlikna med overføringane frå 2007 til 2008, jf. nærare omtale nedanfor.

På dei regelstyrte ordningane i statsbudsjettet var det i hovudsak mindre avvik i løyvingane. Dei største endringane kjem av mindreutgifter til ordninga med momskompensasjon til kommunar og

fylkeskommunar, auke i dei samla utbetalingane under folketrygda og reduserte utgifter til pensjonar under Statens pensjonskasse.

Sett bort frå dei utgiftsendingane frå nysaldert budsjett til rekneskapen for 2008 som er forklart ovanfor, er det dermed ein netto utgiftsreduksjon på knapt 0,9 mrd. kroner som fordeler seg på ei rekkje løyvingar.

Overført, unytta løyving til 2009

Overførte løyvingar frå 2008 til 2009, utanom låne-transaksjonar og statleg petroleumsvirksemd, vart samla 1,7 mrd. kroner lågare enn overførte løyvingar frå 2007 til 2008. Det er særleg Forsvarsdepartementet som har redusert sine overførte løyvingar. Dei overførte løyvingane går ned med 1,3 mrd. kroner under Forsvarsdepartementet, og dette er i hovudsak knytt til materiell, nybygg og anlegg. Under Arbeids- og inkluderingsdepartementet går overføringane ned med om lag 0,3 mrd. kroner, i hovudsak knytt til NAV reforma og drift av Arbeids- og velferdsetaten. Under Samferdselsdepartementet går overføringane ned med 0,3 mrd. kroner under Statens vegvesen. Samla overføringar under Miljøverndepartementet går ned med 0,2 mrd. kroner, medan overføringane for Statsbygg under Fornyings- og administrasjonsdepartementet går ned med 0,155 mrd. kroner, i hovudsak knytt til byggjeprojekt. Nokre departement syner ein mindre auke i overføringane, sjå tabell 1.3, Vedlegg 1 for ei meir detaljert oversikt over endra overføring per departement.

Overføring av unytta løyvingar utanom låne-transaksjonar dei siste fem åra (tal i mill. kroner):

År	Overført løyving	Auke/nedgang (-) frå førre år
2004–2005	6 547	63
2005–2006	7 223	676
2006–2007	10 002	2 779
2007–2008	9 010	-992
2008–2009	7 287	-1 724

1.6 Veksten i utgiftene på statsbudsjettet

Den underliggjande veksten i utgiftene på statsbudsjettet skal syne utviklinga i utgiftene på statsbudsjettet frå eit år til eit anna. Når den underliggjande veksten i utgiftene vert rekna ut, vert det korrigerert for utgifter til dagpengar, renter og petro-

leumsvirksemda og for somme rekneskapsmessige høve og ekstraordinære endringar. Ved utrekninga av den reelle, underliggjande veksten i utgiftene vert det òg korrigerert for prisendingar, slik at talet gjev uttrykk for volumendingar knytt til driftsutgiftene, investeringane og overføringane på statsbudsjettet. Nærare omtale av korleis den reelle, underliggjande veksten i utgiftene vert rekna ut, kan ein finne i kapittel 3 i Nasjonalbudsjettet 2008.

I Nasjonalbudsjettet 2008 var anslaget for den reelle, underliggjande veksten i utgiftene på statsbudsjettet 2¼ prosent.

I nysaldert budsjett for 2008 vart den reelle, underliggjande veksten i utgiftene på statsbudsjettet rekna til vel 3 prosent. Med utgangspunkt i statsrekneskapen for 2008 er veksten rekna til vel 2½ prosent, dvs. ei nedjustering med om lag ½ prosentpoeng sidan anslaget i nysaldert budsjett. I nysaldert budsjett vart meirutgifter motsvara av meirinntekter i 2007 trekt ut av nivået på dei samla utgiftene ved rekninga av den underliggjande utgiftsveksten frå 2007 til 2008, jf. tabell 1.4 i St.prp. nr. 30 (2008–2009). I 2007 vart desse meirinntektene rekna til 2,5 mrd. kroner. Ved berekninga av den underliggjande utgiftsveksten frå 2007 til 2008 er desse utgiftene no rekna med i utgiftsnivået i 2007. Vidare vart utgiftene i rekneskapen for 2008 om lag 3,6 mrd. kroner høgare enn i nysaldert budsjett, noko som mellom anna må sjåast i samanheng med meirinntekter i 2008 og lågare overføringar frå 2008 til 2009 enn frå 2007 til 2008. Samla sett er dermed den nominelle utgiftsendinga frå 2007 til 2008 om lag den same som lagt til grunn i nysaldert budsjett. Nedjusteringa av den reelle, underliggjande utgiftsveksten med ½ prosentpoeng frå nysaldert budsjett er i hovudsak knytt til høgare løns- og prisvekst enn tidlegare lagt til grunn.

1.7 Lånetransaksjonar og finansieringsbehov

Tabell 1.3 syner utviklinga i statsbudsjettet sitt finansieringsbehov. Samanlikna med rekneskapen for 2007 er lånebehovet utanom petroleumsvirksemda redusert med 33,8 mrd. kroner, frå 59,4 mrd. kroner i 2007 til 25,6 mrd. kroner i 2008. Endringane i gjeldsavdrag må sjåast i samanheng avdragsprofilen på statsgjelda.

Utgiftene til utlån vart om lag 2,2 mrd. kroner høgare enn forventa ved nysalderinga.

Endringane i utlån kjem fram slik (tal i mill. kroner):

Statens lånekaske for utdanning	330
Bustadlån til statstilsette	752
Forskot på rammetilskot til kommunar	180
Den norske stats husbank	177
Innovasjon Noreg	747
Andre utlån, netto	7
Samla endring utlån	2 193

Tilbakebetalingane vart vel 0,2 mrd. kroner høgare enn rekna med ved nysalderinga. Dette kjem av endra tilbakebetalingar frå (tal i mill. kroner):

Den norske stats husbank	-494
Innovasjon Noreg	807
Andre låntakarar, netto	-63
Samla endring i tilbakebetalingane	250

Netto utlån vart dermed 1,9 mrd. kroner høgare enn i nysaldert budsjett. Då rekneskapen syner eit underskot på 3,4 mrd. kroner, vart statsbudsjettet sitt netto finansieringsbehov 5,4 mrd. kroner høgare enn i nysaldert budsjett.

Avdrag på innanlandsk statsgjeld vart som i nysaldert budsjett. Brutto finansieringsbehov er dermed òg 5,4 mrd. kroner høgare enn i nysaldert budsjett.

I 2006 gjennomførde Statoil ASA fleire tilbakekjøp av aksjar frå marknaden. Dette medførde at staten fekk utbetalt 2,4 mrd. kroner i 2007. Midlane vart overført til Statens Pensjonsfond – Utland. I 2008 har staten kjøpt aksjar for 17,1 mrd. kroner i StatoilHydro ASA, dekt ved overføring frå Statens pensjonsfond – Utland. Utgiftene til aksjekjøp i StatoilHydro ASA vart noko lågare enn lagt til grunn i nysaldert budsjett.

1.8 Skattar og avgifter frå Fastlands-Noreg

Statsrekneskapen for 2008 syner at dei samla skatte- og avgiftsinntektene frå Fastlands-Noreg utgjorde 680,4 mrd. kroner i 2008, ein auke med 47,6 mrd. kroner eller 7,5 prosent. Sterkare auke i den økonomiske aktiviteten og i sysselsetjinga enn lagt til grunn hausten 2007 har ført til at skatte- og avgiftsinntektene vart 30,0 mrd. kroner høgare enn i saldert budsjett for 2008. Den høge veksten understrekar at det har vore høg aktivitet i norsk økonomi fram til hausten 2008. Skatte- og avgiftsinntektene vart 3,0 mrd. kroner lågare enn lagt til grunn i nysaldert budsjett for 2008, mellom anna på grunn av lågare vekst i inntektene frå meirverdiavgifta mot slutten av året.

Av dei samla skatte- og avgiftsinntektene på 680,4 mrd. kroner i statsrekneskapen for 2008 utgjorde skatt på inntekt og formue 194,9 mrd. kroner. Frå 2007 til 2008 auka inntektene frå skatt på

Tabell 1.3 Lånetransaksjonar og finansieringsbehov 2008 (tal i mill. kroner):

	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Nysaldert budsjett 2008	Rekneskap 2008
<i>Lånetransaksjonar utanom petroleumsverksemda</i>				
Utlån, aksjeteikning m.m.	99 710	75 635	68 521	70 714
– Tilbakebetalingar	68 464	60 746	48 293	48 543
– Statsbudsjettet sitt overskot	1 468	0	0	-3 427
= Netto finansieringsbehov	29 778	14 889	20 228	25 599
+ Gjeldsavdrag	29 649	0	0	0
= Statsbudsjettet sitt brutto finansieringsbehov	59 428	14 889	20 228	25 599
<i>Netto finanstransaksjonar knytt til petroleumsverksemda</i>				
Sal av aksjar i StatoilHydro ASA m.m.	2 442	0	0	0
– Utlån, aksjeteikning m.m.	0	0	18 900	17 136
= Netto finanstransaksjonar knytt til petroleumsverksemda vert overført til Statens pensjonsfond – Utland	2 442	0	-18 900	-17 136

Kjelde: Finansdepartementet

inntekt og formue med 11,9 prosent. Den høge veksten kjem mellom anna av at inntektene frå skattlegging av føretak har auka med drygt 10 prosent. Skatt på opparbeidde forpliktingar i reiarlag har medverka til å auke skatteinntektene til staten med om lag 1,2 mrd. kroner i 2008.

Trygdeavgift og arbeidsgjevaravgift utgjorde 206,0 mrd. kroner i 2008, ein auke på 11,1 prosent frå året før.

Inntektene frå meirverdiavgifta vaks med 3,7 prosent til 190,7 mrd. kroner i 2008.

Andre særavgifter og tollinntekter utgjorde til saman 88,9 mrd. kroner i 2008, som er 0,7 prosent mindre enn året før.

1.9 Utgifter og inntekter frå petroleumsvirksemda – Statens pensjonsfond – Utland

Utgiftene til petroleumsvirksemda skriv seg frå investeringar i staten si direkte deltaking i petroleumsvirksemda (SDØE) og overføringar til Statens petroleumsforsikringsfond. Utgiftene til petroleumsvirksemda vart i 2008 vel 21,8 mrd. kroner, der 20,0 mrd. kroner var investeringar. Inntektene frå petroleumsvirksemda omfattar skatt og avgift på utvinning, aksjeutbyte frå StatoilHydro ASA og inntekter frå SDØE. Inntektene frå SDØE omfattar i hovudsak driftsresultat og kalkulatoriske avskrivningar og renter. Inntektene frå petroleumsvirksemda vart på 437,7 mrd. kroner i 2008. Netto kontantstraumen frå petroleumsvirksemda, som er inntektene minus utgiftene frå petroleumsvirksemda, vart dermed på 415,9 mrd. kroner.

Endringar i verdien til Statens pensjonsfond – Utland kjem fram gjennom endringar i kontantstraumen, overføring av midlar til statsbudsjettet, netto finanstransaksjonar knytt til petroleumsvirksemda, direkte avkastning av fondet og endra verdi av fondet sine eigedelar.

Skattar og avgifter frå petroleumsvirksemda

Dei samla innbetalte skattane og avgiftene frå petroleumsvirksemda og CO₂-avgifta, vart 245,2 mrd. kroner i 2008.

Rekneskapstala for betalte direkte skattar vart 759 mill. kroner lågare enn venta i nysalderingsproposisjonen. Betalt arealavgift vart 57,5 mill. kroner lågare enn venta.

Inntektene frå avgift på utslepp av CO₂ i petroleumsvirksemda vart 7,7 mill. kroner lågare enn venta i nysalderingsproposisjonen, medan inntek-

tene frå avgift på utslepp av NO_x vart 8,5 mill. kroner lågare.

Andre inntekter frå petroleumsvirksemda

Inntektene frå SDØE er i det alt vesentlege driftsinntekter med frådrag for driftsutgifter og investeringsutgifter. Nettoinntektene frå SDØE vart i nysalderingsproposisjonen rekna til 150 mrd. kroner, medan rekneskapen for 2008 er 153,8 mrd. kroner. Utbyte frå StatoilHydro ASA vart i 2008 vel 16,9 mrd. kroner, som er same nivå som lagt til grunn i nysalderingsproposisjonen.

Endringar frå saldert budsjett til nysaldert budsjett

Frå saldert budsjett til nysaldert budsjett gjekk inntektene frå petroleumsvirksemda opp med 109,3 mrd. kroner, medan utgiftene til petroleumsvirksemda gjekk ned med 1,9 mrd. kroner. Netto kontantstraum frå petroleumsvirksemda gjekk dermed opp med 111,1 mrd. kroner, frå 301,8 mrd. kroner til 412,9 mrd. kroner. Anslaget for renteinntekter og utbyte i Statens pensjonsfond – Utland auka med 4,8 mrd. kroner frå saldert budsjett til nysaldert budsjett. Anslaget for overføringa frå Statens pensjonsfond – Utland til statsbudsjettet gjekk ned med 28,1 mrd. kroner. Samla sett innebar dette ei betring av balansen for Statens pensjonsfond – Utland med 144 mrd. kroner.

Nærare om endringane frå nysaldert budsjett til rekneskapen

Netto inntekter av statleg petroleumsvirksemd avvik slik frå nysaldert budsjett (tal i mill. kroner):

Reduserte petroleumsskattar og CO ₂ /NO _x -avgift	-833
+ Auka inntekter frå statleg petroleumsvirksemd og utbyte frå StatoilHydro	1 198
+ Reduserte investeringar i statleg petroleumsvirksemd m.m.	2 602
= Netto endring i petroleumsinntekter	2 967

Statsbudsjettet sine netto inntekter frå petroleumsvirksemda vart om lag 3 mrd. kroner høgare enn lagt til grunn i nysaldert budsjett. Nettoinntektene gjekk opp frå 412,9 mrd. kroner til 415,9 mrd. kroner, jf. tabell 1.2. Inntektene frå statleg petroleumsvirksemd, petroleumsskattar og CO₂/NO_x-avgift vart 833 mill. kroner lågare, inntektene frå statleg petroleumsvirksemd og utbyte frå Statoil-

Hydro auka med 1,2 mrd. kroner, medan investeringsutgiftene vart vel 2,6 mrd. kroner lågare.

Det er overført 8,4 mrd. kroner frå Statens pensjonsfond – Utland til statsbudsjettet, noko som inneber at netto overføring til Statens pensjonsfond – Utland for 2008 samla sett er 3 mrd. kroner høgare i rekneskapen enn det vart rekna med i nysalderinga. Netto kontantstraum med fråtrekk for overføringa frå fondet til statsbudsjettet vart dermed 407,5 mrd. kroner i 2008.

Frå nysaldert budsjett gjekk renteinntektene og utbytet i Statens pensjonsfond – Utland opp frå 79,5 mrd. kroner til 97,8 mrd. kroner. Samla vart overskotet i Statens pensjonsfond – Utland dermed 505,3 mrd. kroner i 2008, noko som er 21,3 mrd. kroner høgare enn forventa i nysaldert budsjett.

Ut over overskotet syner fondet ein nedgang på 244,1 mrd. kroner, der kurstap m.m. reduserte fondets kapital med 227 mrd. kroner, medan kjøp av aksjar i StatoilHydro ASA reduserte kapitalen med 17,1 mrd. kroner. Nedgangen på 227 mrd. kroner kjem av realiserte tap på 102,9 mrd. kroner, urealiserte tap på 630,2 mrd. kroner og 506,2 mrd. kroner i auka verdi av fondet grunna svekka kronekurs.

Dette inneber at kapitalen i Statens pensjonsfond – Utland auka frå 2 018,5 mrd. kroner ved utgangen av 2007 til 2 279,6 mrd. kroner ved utgangen av 2008.

Overføringa frå Statens pensjonsfond – Utland til statsbudsjettet over kapittel 5800 vert rekneskapsført i samsvar med Stortinget sitt vedtak i nysaldert budsjett, medan overføringa til fondet

over kapittel 2800 er tilpassa netto kontantstraumen frå petroleumsverksemda.

1.10 Utlån av statspapir med sikring i eller byte med obligasjonar med fortrinnsrett

Stortinget gav 24. oktober 2008 Finansdepartementet fullmakt til utlån av statspapir med sikring i eller byte med obligasjonar med fortrinnsrett inn- anfor ei samla ramme på 350 mrd. kroner, jf. St.prp. nr. 5 (2008–2009) og Innst. S. nr. 12 (2008–2009) Om fullmakt til å ta opp statslån o.a., og utlån av statspapir med trygd i eller byte med obligasjonar med fortrinnsrett. I proposisjonen vart det varsla at dei budsjettmessige konsekvensane av ordninga i 2008 ville verte behandla i nysalderinga av budsjettet for 2008. I St.prp. nr. 30 (2008–2009) Ny saldering av statsbudsjettet 2008, la Finansdepartementet til grunn at byteordninga ikkje hadde nokre budsjettmessige konsekvensar i 2008, og det vart difor ikkje fremja forslag om endra løyving for 2008 som følge av ordninga.

I kapitalrekneskapen per 31.12.2008 er mottekne obligasjonar med fortrinnsrett bokført på eigedelssida med til saman 46,0 mrd. kroner (kontogruppe 6250). Statskassevekslar knytt til ordninga er bokført på gjeldssida med 42,0 mrd. kroner (kontogruppe 8055). Kurs og sikkerheitselement er bokført med 4,0 mrd. kroner (kontogruppe 77/78).

2 Departementsvise omtaler

I dette kapitlet er det gjeve ein kort omtale av dei einskilte departementa og statsbankane. Oversikta syner utviklinga på utgiftsområda dei seinare åra. Under kvart programområde vert rekneskapen for 2006, 2007 og 2008 synt i ein tabell saman med nysaldert budsjett for 2008. Samla lånetransaksjonar kjem fram på eiga rad i tabellen.

Rekneskapen vert i utgangspunktet gjort opp på kapittel- og postnivå. Dei rekneskapsmessige overføringane frå eit år til det neste vert avgjorde på postnivå. Unytta beløp kan overførast på poster merka «kan overførast», medan vanlege drifts-postar berre kan overførast med inntil fem prosent

av løyvinga. Eit programområde inneheld mange postar, og summen av overførte beløp vil difor ikkje vere den same som summen av unytta løyvingar på programområdet sett under eitt. Tabell 1.10 i vedlegg 1 syner utgiftsløyvingar, rekneskap og overførte løyvingar utan lånetransaksjonar per programområde, og gjev ei oversikt over samla inntekter frå refusjonar og andre meirinntekter knytt til områda.

Som følgje av avrundingar vil det kunne vere avvik mellom sumtalet i tabellen og summen av tala ovanfor. Det er lagt til grunn at sumtalet skal vere i tråd med rekneskapstalet for departementet som heilskap.

2.1 Konstitusjonelle institusjonar

Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar			(i mill. kr)	
Program-kategori	Rekneskap 2006	Rekneskap 2007	Budsjett 2008	Rekneskap 2008
00.10 Det kongelege hus	145,8	162,5	169,6	169,6
00.30 Regjeringa	231,8	243,0	276,2	274,2
00.40 Stortinget og underliggjande institusjonar	1 167,8	1 211,4	1 349,9	1 328,4
Sum før lånetransaksjonar	1 545,4	1 616,9	1 795,8	1 772,2
Lånetransaksjonar	0,0	0,0	0,0	0,0
Sum utgifter	1 545,4	1 616,9	1 795,8	1 772,2

Avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei mindreutgift på 23,6 mill. kroner.

Tek ein omsyn til refusjonar og andre meirinntekter på i alt 12,3 mill. kroner, syner programområdet ei mindreutgift på 36 mill. kroner. Det er overført 33,9 mill. kroner meir frå 2008 til 2009 enn frå 2007 til 2008. Den auka overføringa inneber at disponibelt budsjett er redusert. Tek ein omsyn til dette syner programområdet før lånetransaksjonar ei mindreutgift på 2,1 mill. kroner.

Trenden i rekneskapen

Frå 2006 til 2008 har utgiftene på programkategori 00.10 Det kongelege hus auka med 16 prosent, frå 145,8 mill. kroner til 169,6 mill. kroner. Det er ikkje avvik mellom budsjett og rekneskap for 2008.

Utgiftene under programkategori 00.30 Regjeringa auka med 18 prosent i perioden 2006 til 2008, frå 231,8 mill. kroner til 274,2 mill. kroner. Utgiftene er om lag i samsvar med budsjett for 2008.

Utgiftene under programkategori 00.40 Stortinget og underliggjande institusjonar auka med 14 prosent frå 2006 til 2008. Det er på området i 2008 ei mindreutgift samanlikna med budsjettet på 21,5 mill. kroner. Hovudårsaka til dette er at fleire av dei planlagde prosjekta vart meir kompliserte enn for-

venta, og difor tok lengre tid. I tillegg har aktivitetsnivået vore noko lågare enn planlagt og ein del påbyrja oppgåver vert vidareført i 2009.

2.2 Utanriksdepartementet

Utanriksdepartementet har ansvaret for to budsjettområde; Programområde 02 Utanriksføremål

(driftsutgifter for utanrikstenesta, utanom administrasjon av utviklingshjelpa, kultur, Noregsfremje og informasjon, norske medlemskontingentar til internasjonale organisasjonar, og nordområdetiltak) og programområde 03 Internasjonal bistand (den offisielle utviklingshjelpa, ODA).

Programområde 02 Utanriksføremål			(i mill. kr)	
Program kategori	Rekneskap 2006	Rekneskap 2007	Budsjett 2008	Rekneskap 2008
02.00 Administrasjon av utanrikstenesta	1 582,7	1 586,5	1 599,3	1 658,9
02.10 Utanriksføremål ¹⁾	1 014,8	1 813,2	2 663,3	2 570,9
Sum før lånetransaksjonar	2 597,5	3 399,6	4 262,6	4 229,8
Lånetransaksjonar	0,1	0,0	0,4	0,0
Sum utgifter	2 597,6	3 399,7	4 262,9	4 229,8

¹⁾ Programkategori 03.50 med kapittel 197 er frå 2007 flytta til programkategori 02.10, kapittel 118 Nordområdetiltak m.m.

Avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei mindreutgift på 32,8 mill. kroner.

Tek ein omsyn til refusjonar og andre meirinntekter på i alt 59,3 mill. kroner, syner programområdet ei mindreutgift på 92,1 mill. kroner. Det er overført 74,1 mill. kroner meir frå 2008 til 2009 enn frå 2007 til 2008. Den auka overføringa inneber at disponibelt budsjett er redusert. Tek ein omsyn til dette syner programområdet før lånetransaksjonar ei mindreutgift på 18 mill. kroner. Lånetransaksjonar syner ei mindreutgift på 0,4 mill. kroner.

Avvik mellom disponibel løyving og rekneskap i 2008 er i hovudsak knytt til finansieringsordninga under EØS-avtala.

Trenden i rekneskapen

I perioden 2006 til 2008 har det vore ein auke i utgiftene på om lag 63 prosent, frå 2 597,6 mill. kroner til 4 229,8 mill. kroner. Dette kjem i hovudsak av ein auke i utbetalingane knytt til finansieringsordninga under EØS-avtala, og at programkategori 03.50 frå 2007 er flytta til programkategori 02.10.

Programområde 03 Internasjonal bistand			(i mill. kr)	
Program-kategori	Rekneskap 2006	Rekneskap 2007	Budsjett 2008	Rekneskap 2008
03.00 Administrasjon av utviklingshjelpa	937,0	1 005,7	1 077,9	1 101,4
03.10 Bilateral hjelp	3 351,7	3 853,0	3 993,9	3 977,8
03.20 Globale ordningar	7 690,5	8 491,4	10 953,6	10 813,9
03.30 Multilateral hjelp	6 430,8	7 087,1	6 297,4	6 320,7
Sum Offisiell utviklingshjelp (ODA)	18 410,0	20 437,2	22 322,8	22 213,9
03.50 Anna hjelp ¹⁾	286,8	0,0	0,0	0,0
Sum før lånetransaksjonar	18 696,8	20 437,2	22 322,8	22 213,9
Lånetransaksjonar	346,3	341,3	341,3	341,3
Sum utgifter	19 043,1	20 778,5	22 664,1	22 555,1

¹⁾ Programkategori 03.50 med kapittel 197 er frå 2007 flytta til programkategori 02.10, kapittel 118 Nordområdetiltak m.m.

Avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei mindreutgift på 109 mill. kroner.

Tek ein omsyn til refusjonar og andre meirinntekter på i alt 10,7 mill. kroner, syner programområdet ei mindreutgift på 119,7 mill. kroner. Det er overført 122,4 mill. kroner meir frå 2008 til 2009 enn frå 2007 til 2008. Den auka overføringa inneber at disponibelt budsjett er redusert. Tek ein omsyn til dette syner programområdet før lånetransaksjonar ei meirutgift på 2,7 mill. kroner. Utgifter til lånetransaksjonar samsvarer med budsjettet.

Trenden i rekneskapen

I 2008 vart det betalt ut 22 555,1 mill. kroner i offisiell utviklingshjelp. Den nominelle auken frå 2006

til 2008 var på 3 512,0 mill. kroner, eller om lag 18 prosent

Auka internasjonal bistand

I St.prp. nr. 1 (2007–2008) vart forslag til løyvingar til internasjonal bistand anslått til 0,98 prosent av bruttonasjonalinntekta (BNI). Den utbetalte ODA-godkjende utviklingshjelpa i 2008 utgjorde 0,88 prosent av anslått BNI. Årsaka til endringa er i hovudsak at overslaget for BNI i 2008 no er vesentleg høgare enn det som vart lagt til grunn i Nasjonalbudsjettet 2008.

Oversikta nedanfor syner utbetalingar av offisiell utviklingshjelp (nominelle tal) i perioden 2006–2008, i prosent av BNI og unytta løyving overført til neste budsjettermin:

År	Utbetalt	Utbetalt i prosent av BNI	Unytta løyving overført til neste termin	Overført i prosent av budsjett
2006	18 756 mill. kroner	0,87	275 mill. kroner	1,5 prosent
2007	20 778 mill. kroner	0,91	282 mill. kroner	1,3 prosent
2008	22 555 mill. kroner	0,88	404 mill. kroner	1,8 prosent

* BNI-del rekna ut på grunnlag av førebels overslag i nasjonalrekneskapen.

2.3 Kunnskapsdepartementet

Programområde 07 Kunnskapsdepartementet		(i mill. kr)			
Program-kategori		Rekneskap 2006	Rekneskap 2007	Budsjett 2008	Rekneskap 2008
07.10	Administrasjon	239,7	252,8	215,9	224,4
07.20	Grunnopplæring ¹⁾	21 445,8	5 351,7	5 590,5	5 632,0
07.30	Barnehagar ¹⁾		18 112,4	21 234,1	21 178,6
07.50	Tiltak for å fremme kompetanseutvikling ²⁾	824,0	1 067,2	1 133,4	1 135,8
07.60	Høgare utdanning og fagskoleutdanning	20 333,3	20 917,6	22 601,8	22 593,9
07.70	Forsking	3 295,7	3 475,8	3 862,7	3 872,2
07.80	Utdanningsfinansiering	9 361,5	9 276,4	9 706,9	9 697,2
Sum før lånetransaksjonar		55 500,0	58 453,9	64 345,4	64 334,1
Lånetransaksjonar		30 703,6	27 711,5	24 782,0	25 111,9
Sum utgifter		86 203,6	86 165,4	89 127,4	89 446,0

¹⁾ Frå 2007 er barnehagar flytta frå kategori 07.20 Grunnopplæring til kategori 07.30 barnehagar.

²⁾ Løyving til fagskoler vart i 2006 flytta frå kategori 07.50 til 07.60

Avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei mindreutgift på 11,3 mill. kroner.

Tek ein omsyn til refusjonar og andre meirinntekter på i alt 63 mill. kroner, syner programområdet ei mindreutgift på 74,3 mill. kroner. Det er overført 4,8 mill. kroner mindre frå 2008 til 2009 enn frå 2007 til 2008. Den reduserte overføringa inneber at disponibelt budsjett har auka. Tek ein omsyn til dette syner programområdet før lånetransaksjonar ei mindreutgift på 79,1 mill. kroner. Lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 329,9 mill. kroner.

Underliggjande verksemdar som får midlar over programkategori 07.60 Høgare utdanning og fagskoleutdanning og 07.70 Forsking, er nettobudsjetterte. Desse verksemdene får overført resultatet av drifta for året til det etterfølgjande rekneskapsåret. Kontogruppe 82 i kapitalrekneskapen gjev eit oversyn over avsetjingane for kvar einskild verksemd. Auken i overføringar frå 2008 til 2009 for dei nettobudsjetterte verksemdene under Kunnskapsdepartementet er 322 mill. kroner, og samla avsetjingar av unytta midlar er per 31.12. 2008 8 770 mill. kroner.

Trenden i rekneskapen

Grunnopplæringa og den vidaregåande opplæringa vert hovudsakleg finansiert gjennom dei frie inntektene til kommunane og fylkeskommunane. I perioden 2006 til 2008 har utgiftene til grunnopplæring over programkategori 07.20 minka frå 5,9 mrd. kroner til 5,6 mrd. kroner. Reduksjonen skriv seg frå at tilskot til særskild norskopplæring, morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring for

barn med anna morsmål enn norsk, er ført over til rammetilskotet til kommunane. I tillegg til løyvingane over programkategori 07.20 vart det i 2008 løyvd midlar til satsingar gjennom rammetilskotet til kommunar og fylkeskommunar, mellom anna til timetalsauke på 1. – 4. trinn, gratis frukt og grønt i ungdomsskolen og gratis læremiddel for elevar i vidaregåande trinn.

Utgiftene til barnehageføremål har auka frå 15,6 mrd. kroner i 2006 til 21,2 mrd. kroner i 2008, ein nominell vekst på 36 prosent. Mykje av auken kjem av at det i perioden har vore stor kapasitetsvekst, og at staten dekkjer store delar av utgiftene til etablering og drift av nye barnehageplassar. Det statlege driftstilskotet vart dessutan sett opp i 2008 for å kompensere for mindreinntektene ved å halde foreldrebetalinga nominelt uendra.

Auken i utgifter over programkategori 07.50 kjem for det meste av at Noreg frå 2007 er med i EUs program for livslang læring 2007 – 13. Kontingenten auka med 33,6 mill. kroner frå 2007.

Utgiftsveksten på programkategori 07.60 heng saman med at Regjeringa har auka forskings- og utdanningskapasiteten ved universitet og høgskeolar i 2008. Basisløyvinga til institusjonane er styrka, og den resultatbaserte undervisningsløyvinga i finansieringssystemet for universitet og høgskeolar har auka. Innanfor forskinga er det i 2008 mellom anna oppretta nye stipendiatstillingar og det er løyvt midlar for å betre utstyrssituasjonen ved høgskeolane.

Løyvingane til forskning over programkategori 07.70 auka nominelt med om lag 11 prosent frå 2007 til 2008. Auken i løyvingane i perioden 2006–2008 skriv seg mellom anna frå auka kontingent til EUs rammeprogram for forskning og auka løyvingar til Noregs forskingsråd.

2.4 Kultur- og kyrkjedepartementet

Programområde 08 Kultur- og kyrkjeføremål		(i mill. kr)			
Programkategori		Rekneskap 2006	Rekneskap 2007	Budsjett 2008	Rekneskap 2008
08.10	Administrasjon m.m. ¹⁾	165,6	177,2	173,7	179,7
08.15	Frivillighetsføremål ¹⁾	383,7	439,6	455,2	465,7
08.20	Kulturføremål	4 128,8	4 465,7	4 903,5	4 954,4
08.30	Film- og medieføremål	850,7	879,1	897,7	900,4
08.40	Den norske kyrkja	1 293,7	1 352,9	1 388,9	1 434,1
Sum før lånetransaksjonar		6 822,5	7 314,5	7 819,1	7 934,4
Lånetransaksjonar		0,0	0,0	0,0	0,0
Sum utgifter		6 822,5	7 314,5	7 819,1	7 934,4

¹⁾ Kapittel 310 og 315 inngår i nyoppretta programkategori 08.15 frå 2008. Rekneskapstala for 2006 og 2007 er omklassifiserte.

Avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 115,3 mill. kroner.

Tek ein omsyn til refusjonar og andre meirinntekter på i alt 86,3 mill. kroner, syner programområdet ei meirutgift på 29,0 mill. kroner. Det er overført 13,9 mill. kroner mindre frå 2008 til 2009 enn frå 2007 til 2008. Den reduserte overføringa inneber at disponibelt budsjett har auka. Tek ein omsyn til dette syner programområdet før lånetransaksjonar ei meirutgift på 15,1 mill. kroner.

Trenden i rekneskapen

I perioden 2006–2008 har det vore ein nominell utgiftsvekst på 16,3 prosent, frå 6 822,5 mill. kroner i 2006 til 7 934,4 mill. kroner i 2008.

Utgiftene under programkategori 08.10 Administrasjon m.m. var i 2008 på 179,7 mill. kroner. Dette er ein auke på 2,5 mill. kroner eller 1,4 prosent frå året før.

Programkategori 08.15 er nyoppretta frå 2008. Rekneskapstala for 2006 og 2007 er omklassifiserte. Avvik mellom budsjett og rekneskap syner ei meirutgift på 10,5 mill. kroner på kapittel 310, post 70 Tilskot til trus- og livssynssamfunn. Meirutgifta kjem av ein auke i det rettkome tilskotet til trus- og livssynssamfunn fordi talet på medlemmar i trus- og livssynssamfunn var høgare enn forventa.

Utgiftene til kulturføremål under programkategori 08.20 var i 2008 på 4 954,4 mill. kroner. Dette er ein auke på 488,7 mill. kroner eller 10,9 prosent frå året før. Avvik mellom budsjett og rekneskap syner ei meirutgift på 50,9 mill. kroner. Meirutgifta

er i hovudsak dekt av tilsvarende høge meirinntekter og refusjonar og av overføringane.

Utgiftene til film- og medieføremål under programkategori 08.30 auka med 21,3 mill. kroner til 900,4 mill. kroner. Rekneskapen for kapittel 335 Pressestønad var 299,7 mill. kroner. Av dette gjekk 264,3 mill. kroner til produksjonstilskot til aviser. Over kapittel 334 vart det i 2008 nytta i alt 563,4 mill. kroner til filmproduksjon og andre filmføremål. Av dette gjekk 139,5 mill. kroner til drift av statlege verksemdar og dei resterande 423,9 mill. kroner vart nytta til tilskot til produksjon av film og andre audiovisuelle produksjonar.

Utgiftene under programkategori 08.40 Den norske kyrkja var i 2008 på 1 434,1 mill. kroner. Dette er ein auke på 81,2 mill. kroner eller 6,0 prosent frå året før. Korrigert for meirinntekter, er utgiftsauken noko mindre enn auken i løyvingane frå 2007 til 2008. Dette kjem av at løyvingane til trusopplæringa ikkje vart nytta fullt ut i 2008.

I Soria Moria-erklæringa er det lagt til grunn at det skal gjennomførast eit lyft for kulturen og frivillig sektor gjennom målretta tiltak og ein generell styrking av kunst-, kultur- og frivillighetsføremål på statsbudsjettet. Kulturløftets mål er at 1 prosent av statsbudsjettet skal gå til kulturføremål innan 2014.

Utgiftsauken i 2008 utanom utgiftene til Den norske kyrkja under programkategori 08.40 og utgiftene til trussamfunn m.m. under kapittel 310, er knytt til oppfølging av Kulturløftet og utgjorde 504,7 mill. kroner i 2008. Utgiftsauken er i hovudsak fordelt på frivillig verksemd, allmenne kulturføremål, museum, biletkunst, musikk, scenekunst, språk, litteratur, bibliotek, arkiv og film- og medieføremål. Områda med størst auke var scenekunst,

Den Norske Opera & Ballett, musikk og museums- og kulturvernforemål.

2.5 Justis- og politidepartementet

Programområde 06 Justissektoren		(i mill. kr)			
Program- kategori		Rekneskap 2006	Rekneskap 2007	Budsjett 2008	Rekneskap 2008
06.10	Administrasjon	267,3	264,0	258,1	274,1
06.20	Rettsvesen	1 926,1	2 041,1	2 067,6	2 085,9
06.30	Kriminalomsorg	2 373,5	2 628,6	2 789,8	2 835,2
06.40	Politi- og påtalemakt	9 124,0	9 610,4	9 931,8	10 406,8
06.50	Redningstenesta, samfunnstryggjelek og beredskap	1 240,9	1 206,4	1 633,4	1 531,8
06.60	Andre verksemder	635,7	696,3	816,8	800,4
06.70	Fri rettshjelp, erstatningar, konfliktråd m.m.	958,6	962,1	1 042,2	1 044,9
06.80	Svalbardbudsjettet	67,0	102,0	106,7	96,0
Sum før lånetransaksjonar		16 593,1	17 510,9	18 646,4	19 075,1
Lånetransaksjonar		0,0	0,0	0,0	0,0
Sum utgifter		16 593,1	17 510,9	18 646,4	19 075,1

Avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 428,7 mill. kroner.

Tek ein omsyn til refusjonar og andre meirinntekter på i alt 639 mill. kroner, syner programområdet ei mindreutgift på 210,4 mill. kroner. Det er overført 110,1 mill. kroner meir frå 2008 til 2009 enn frå 2007 til 2008. Den auka overføringa inneber at disponibelt budsjett er redusert. Tek ein omsyn til dette syner programområdet før lånetransaksjonar ei mindreutgift på 100,3 mill. kroner.

Trenden i rekneskapen

I perioden 2006–2008 har det vore ein nominell utgiftsvekst på om lag 15,0 prosent frå 16 593,1 mill. kroner i 2006 til 19 075,1 mill. kroner i 2008.

Om lag 80 prosent av utgiftene i justissektoren er i 2008 gått til straffesakskjeda, det vil seie til politiet, påtalemakta, rettsvesenet og kriminalomsorga.

Programkategori 06.20 Rettsvesen syner ein auke i utgiftene frå 2006 til 2008 på om lag 8,3 prosent. Auken i utgiftene har mellom anna si årsak i etablering av Finnmarkskommisjonen, innføring av ny tvistelov og igangsetjing av lokalprosjekt i samband med strukturreforma ved domstolane.

I 2006 la Regjeringa fram ein plan for avvikling av soningskøen i løpet av 2009. Satsinga på kapasitetsutvidande tiltak i 2006–2008 har ført til at soningskøen har vorte kraftig redusert. Programkategori 06.30 Kriminalomsorg syner ein auke i utgiftene frå 2006 til 2008 på om lag 19,5 prosent. I tillegg til satsinga på kapasitetsutvidande tiltak har auken i utgiftene mellom anna òg samanheng med etablering av rusmeistringseiningar i fengsla, auke i aspirantopptaket ved Kriminalomsorgas utdanningssenter og innføring av prøveordning med soning med elektronisk kontroll.

Studentopptaket på Politihøgskolen har auka frå 360 studentar i 2006 til 432 studentar i 2007 og 2008. Programkategori 06.40 Politi- og påtalemakt syner ein auke i utgiftene frå 2006 til 2008 på om lag 14,1 prosent. Auken i utgiftene har mellom anna si årsak i auka bruk av DNA i etterforskinga og auka studentopptak. Det vart i løpet av 2008 gjeve ekstra løyvingar til politiet, der mellom anna PST, valdsalarmar, produksjon av pass med biometri og utlendingsforvaltninga vart prioriterte. Meirutgifta på 474,9 mill. kroner på programkategori 06.40 er dekt inn av tilsvarende høge meirinntekter og refusjonar og av overføringane.

Utgiftene på programkategori 06.50 Redningstenesta, samfunnstryggjelek og beredskap syner ein auke på 23,4 prosent frå 2006 til 2008. Beredskapen i nordområda er i perioden auka mellom

anna ved at døgnkontinuerleg tilstedevakt ved redningshelikopterbasane i Banak og Bodø vart etablerte i 2006 og 2007. I 2008 vart det òg etablert døgnkontinuerlig tilstedevakt med lege på Rygge og Ørland, og arbeidet med etablering av ny red-

ningshelikopterbase i Florø starta opp. Auken i utgiftene for denne perioden er òg ein følge av oppstarten i utbygginga av nytt digitalt radiosamband for naudetatane – Naudnett.

2.6 Kommunal- og regionaldepartementet

Programområde 13 Kommunal- og regionaldepartementet					(i mill. kr)
Program-kategori		Rekneskap 2006	Rekneskap 2007	Budsjett 2008	Rekneskap 2008
13.10	Administrasjon m.m.	144,7	185,7	162,9	167,2
13.50	Regional- og distriktpolitikk	2 901,1	2 768,3	2 366,2	2 354,6
13.70	Overføringar gjennom inntektssystemet til kommunar og fylkeskommunar ¹⁾	53 937,4	57 810,2	65 201,7	65 200,2
13.80	Bustad, bustadmiljø og bygg	5 565,5	6 623,2	6 317,4	6 218,4
Sum før lånetransaksjonar		62 548,7	67 387,4	74 048,3	73 940,3
Lånetransaksjonar		10 855,6	12 143,2	12 372,5	12 729,0
Sum utgifter		73 404,3	79 530,6	86 420,8	86 669,3

¹⁾ Tilskotsordninga for ressurskrevjande tenester er frå 2008 flytta til programkategori 13.70 frå programkategori 10.60 under Helse- og omsorgsdepartementet.

Avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei mindreutgift på 108 mill. kroner.

Tek ein omsyn til refusjonar og andre meirinntekter på i alt 11 mill. kroner, syner programområdet ei mindreutgift på 119 mill. kroner. Det er overført 19,6 mill. kroner mindre frå 2008 til 2009 enn frå 2007 til 2008. Den reduserte overføringa inneber at disponibelt budsjett har auka. Tek ein omsyn til dette syner programområdet før lånetransaksjonar ei mindreutgift på 138,6 mill. kroner. Lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 356,5 mill. kroner.

For programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk syner rekneskapen eit mindreforbruk på 11,6 mill. kroner. Tek ein omsyn til overføringane frå 2007, er det eit mindreforbruk på utgiftspostane på 70,7 mill. kroner. Hovudårsaka er at enkelte prosjekt ikkje vert ferdigstilte same år dei får tilsegn.

På programkategori 13.70 er det ei meirutgift på 174,3 mill. kroner. Meirutgifta kjem i hovudsak av utbetalingar av forskot på rammetilskot for 2009 til kommunar etter fullmakt. Utbetaling av forskot

kjem fram under rekneskapslina lånetransaksjonar (90-post).

På programkategori 13.80 Bustad, bustadmiljø og bygg er det i 2008 ei mindreutgift på 99 mill. kroner i høve til budsjettet, om ein held Husbanken sine låneordningar utanfor. Korrigert for refusjonar, meirinntekter og overføringane frå 2007 er det ei mindreutgift på utgiftspostane utanom lånepostar på 270,1 mill. kroner. Av dette er 56,1 mill. kroner knytt til investeringstilskotet for omsorgsbustader og sjukeheimsplassar. Ordninga var ny i 2008, og ho kom i gang forholdsvis seint på året. Det var difor færre prosjekt som vart ferdige til årsskiftet enn det som vart lagt til grunn for budsjetteringa. Vidare er 28,9 mill. kroner av mindreutgifta knytt til tilskot til bustad-, by- og stadsutvikling, 58,3 mill. kroner til kompetansetilskotet, 47,4 mill. kroner til rentekompensasjonsordningane for skoleanlegg og kyrkjebygg, og 55,9 mill. kroner til rente- og avdragskompensasjon for omsorgsbustader og sjukeheimsplassar. Årsaka er at det har teke lenger tid å avslutta prosjekta enn det som vart lagt til grunn i budsjetteringa. 49,5 mill. kroner er knytt til lågare utbetalingar av bustønaden på grunn av færre søkjarar enn føresett. På kapittel 581, post 75 Bustadtilskot til etablering, tilpassing og utleigebustader er det ei meirutgift på 34,5 mill. kroner, som

kjem av at fleire tilsegn har kome til utbetaling enn det som er føresett i utbetalingsprofilen som ligg til grunn for budsjetteringa av posten. Det vil verte tilsvarende redusert behov for løyvingar for seinare år.

På låneposten til Husbanken er det ei meirutgift på om lag 176,6 mill. kroner. Posten er ei overslagsløyving. Meirutgifta kjem av at utbetalingsmakta vart høgare enn det som vart lagt til grunn i budsjetteringa. Om lag 600 mill. kroner av låneramma på 13 mrd. kroner i Husbanken i 2008 vart ikkje nytta.

Trenden i rekneskapen

I perioden 2006 til 2008 har det på programområde 13 vore ein nominell auke i utgiftene før lånetransaksjonar på 18,2 prosent frå 62,5 mrd. kroner til 73,9 mrd. kroner. Dette heng i fyrste rekkje saman med Regjeringa si styrking av inntektene til kommunesektoren.

Programkategori 13.10 syner ein nedgang i utgiftene frå 2007 til 2008. Nedgangen har samanheng med at det ikkje var valår i 2008.

Utgiftene under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk var 413,7 mill. kroner lågare i 2008 enn 2007. Dette har samanheng med at løyvinga for kompensasjon knytt til bortfall av ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift er

redusert i 2008, fordi ordninga er innført på ny frå 2007.

For programkategori 13.70 var det frå 2007 til 2008 ein stor auke i overføringane gjennom inntektssystemet til kommunane og fylkeskommunane. Auken må sjåast i samanheng med Regjeringa si styrking av inntektene til kommunesektoren. I tillegg er tilskotsordninga for ressurskrevjande tenester frå 2008 flytta til programkategori 13.70, frå programkategori 10.60 under Helse- og omsorgsdepartementet. Flyttinga forklarar om lag 3,0 mrd. kroner av auken.

Dei samla utgiftene under programkategori 13.80 Bustad, bustadmiljø og bygg er redusert med 404,8 mill. kroner frå 2007 til 2008. Dette heng i fyrste rekkje saman med at løyvinga på kapittel 586 Tilskot til omsorgsbustader og sjukeheims plassar, post 60 Oppstartingsstilskot vart redusert etter at planen for eldreomsorg vart avslutta og berre få utbetalingar utsto i 2008.

2.7 Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har ansvaret for tre programområde: Programområde 09 Arbeid og sosiale føremål, programområde 29 Sosiale føremål, folketrygda og programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda.

Programområde 09 Arbeid og sosiale føremål				(i mill. kr)	
Program-kategori		Rekneskap 2006	Rekneskap 2007	Budsjett 2008	Rekneskap 2008
09.00	Administrasjon ¹⁾	4 319,5	9 819,6	10 815,0	11 437,0
09.20	Tiltak for bedra levekår m.m.	512,2	431,0	486,4	468,6
09.30	Arbeidsmarknad	6 409,7	5 160,2	5 433,2	5 453,1
09.40	Arbeidsmiljø og tryggleik	719,3	710,1	706,0	730,7
09.50	Integrering og mangfald	4 110,4	4 115,5	4 458,8	4 458,0
09.60	Kontantyttingar	2 541,9	2 594,3	2 754,0	2 732,4
09.70	Nasjonale minoritetar	5,0	6,4	20,6	20,6
09.80	Samiske føremål	166,6	185,9	211,1	213,8
09.90	Beskyttelse og innvandring	1 495,7	1 564,6	2 256,7	2 306,7
Sum før lånetransaksjonar		20 280,3	24 587,6	27 142,0	27 821,0
Lånetransaksjonar		5,0	0,0	0,0	0,0
Sum utgifter		20 285,3	24 587,6	27 142,0	27 821,0

¹⁾ Frå 2007 er rekneskapstala flytta frå kategori 29.10 Administrasjon til kategori 09.00 Administrasjon.

Avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom budsjett og rekneskap før låne- og transaksjonar syner ei meirutgift på 679 mill. kroner.

Tek ein omsyn til refusjonar og andre meirinntekter på i alt 396,8 mill. kroner, syner programområdet ei meirutgift på 282,2 mill. kroner. Det er overført 316,8 mill. kroner mindre frå 2008 til 2009 enn frå 2007 til 2008. Den reduserte overføringa inneber at disponibelt budsjett har auka. Tek ein omsyn til dette syner programområdet før låne- og transaksjonar ei mindreutgift på 34,6 mill. kroner.

Trenden i rekneskapen

Administrasjon

Dei samla utgiftene under programkategori 09.00 Administrasjon auka frå 4 319,5 mill. kroner i 2006 til 11 437,0 mill. kroner i 2008. Aukninga heng i fyrste rekkje saman med at løyvinga til Trygdestaten og Aetat er ført opp under nytt kapittel 605 Arbeids- og velferdsetaten. Overføringa skjedde 1. juli 2006.

Det har òg vore ein auke i utgiftene til gjennomføring av NAV-reforma, IKT-investeringar knytt til pensjonsreforma og til administrasjon av Arbeids- og velferdsetaten i perioden 2006–2008. Frå 2007 vart det innført ei ordning med tilskot til helse- og rehabiliteringstenestar for sjukmeldte. Delar av utgiftene til denne ordninga vert rekneskapsførte på programkategori 09.00.

Avvik mellom budsjett og rekneskap for programkategori 09.00 Administrasjon syner ei meirutgift på 621,9 mill. kroner. Meirutgifta er i hovudsak dekt av tilsvarande høge refusjonar og meirinntekter og av reduksjon i overføringane.

Arbeidsmarknaden

Dei samla utgiftene under programområde 09.30 Arbeidsmarknad vart redusert frå 6 410 mill. kro-

ner i 2006 til 5 453 mill. kroner i 2008, mellom anna av di løyvinga til Arbeids- og velferdsetaten vart overført til nytt kapittel 605 Arbeids- og velferdsetaten frå 1. juli 2006, jf. omtalen over. Frå 2007 til 2008 auka utgiftene under programområdet frå 5 160 mill. kroner til 5 453 mill. kroner. Utgiftsauken heng i fyrste rekkje saman med prisjusteringa.

Integrering og mangfald

Programkategori 09.50 omfattar mellom anna integreringstilskotet, tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak og drift av Integrerings- og mangfaldsdirektoratet. Dei samla utgiftene under programkategori 09.50 auka frå 4 110 mill. kroner i 2006 til 4 458 mill. kroner i 2008.

Utgiftene på området har samband med storleiken på målgruppa for tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak, og talet på personar som utløyser integreringstilskot. Utgiftsauka har mellom anna samband med at talet på personar i målgruppa for tilskot til opplæring i norsk har auka sidan 2007.

Beskyttelse og innvandring

Programkategori 09.90 Beskyttelse og innvandring omfattar mellom anna drift av statlege mottak og drift av Utlendingsdirektoratet og Utlendingsnemnda. Dei samla utgiftene under programkategori 09.90 auka frå 1 496 mill. kroner i 2006 til 2 307 mill. kroner i 2008.

Utgiftene på området er særleg avhengig av talet på asylsøkjarak, talet på løyve/avslag, effektivisering av avslag og busetjingstakta. I 2007 kom det om lag 6 500 asylsøkjarak til Noreg, medan det i 2008 var meir enn ei dobling til vel 14 400 asylsøkjarak.

Programområde 29 Sosiale føremål, folketrygda				(i mill. kr)	
Program- kategori		Rekneskap 2006	Rekneskap 2007	Budsjett 2008	Rekneskap 2008
29.10	Administrasjon ¹⁾	3 029,2	0,0	0,0	0,0
29.20	Einslege forsørgjarar ²⁾	4 022,0	3 799,3	3 680,5	3 721,0
29.50	Inntektssikring ved sjukdom, uførleik og rehabilitering	83 034,7	99 762,5	107 515,8	107 568,4
29.60	Kompensasjon for meirutgifter ved nedsett funksjonsevne m.m.	7 660,1	8 078,3	8 480,5	8 453,8
29.70	Alderdom	90 680,2	97 310,4	105 318,0	105 383,3
29.80	Forsørgjartap m.m. ²⁾	2 478,7	2 537,8	2 627,0	2 624,6
29.90	Diverse utgifter	149,5	236,4	270,0	187,5
Sum før lånetransaksjonar		191 054,6	211 724,6	227 891,7	227 938,6
Lånetransaksjonar		0,0	0,0	0,0	0,0
Sum utgifter		191 054,6	211 724,6	227 891,7	227 938,6

¹⁾ Frå 2007 er rekneskapstala flytta til kategori 09.00 Administrasjon frå kategori 29.10 Administrasjon.

²⁾ Kapittel 2683, stønad til einsleg mor eller far, er i 2007 flytta frå programkategori 29.80 til kapittel 2620 under ny programkategori 29.20. Rekneskapstala for 2006 er omklassifiserte.

Avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 46,9 mill. kroner.

Det er overført 6,1 mill. kroner mindre frå 2008 til 2009 enn frå 2007 til 2008. Den reduserte overføringa inneber at disponibelt budsjett har auka. Tek ein omsyn til dette syner programområdet før lånetransaksjonar ei meirutgift på 40,8 mill. kroner.

Trenden i rekneskapen

Inntektssikring ved sjukdom, uførleik og rehabilitering

Sjukepengar

I 2008 var løyvinga til sjukepengar 31 155 mill. kroner, jf. kapittel 2650. Rekneskapen for 2008 syner samla utgifter på om lag 31 400 mill. kroner, altså ei meirutgift på om lag 245 mill. kroner.

Talet på sjukepengedagar per sysselsett arbeidstakar som folketrygda har betalt for, gjekk i gjennomsnitt opp frå 11,3 arbeidsdagar i 2007 til 11,7 arbeidsdagar i 2008. Om ein tek omsyn til at sjukemeldte med graderte sjukepengar arbeider deltid under sjukepengeperioden, vert talet 9,7 arbeidsdagar i 2008. Talet på arbeidstakarar som har vore sjuke eitt år, og dermed har brukt opp sjukepengere rettane sine, auka med 2,9 prosent frå 2007 til 2008.

Rehabiliteringspengar

Det vart løyvd 8 620 mill. kroner til kapittel 2652, post 70 Rehabiliteringspengar i 2008, medan utgiftene vart om lag 8 599 mill. kroner. For 2008 syner rekneskapen såleis ei mindreutgift på om lag 21 mill. kroner. I løyvinga for 2008 vart det lagt inn 69 mill. kroner som følgje av auka minsteyting frå 1,8G til 1,97G frå 1. mai 2008. Desse utgiftene vart fyrst betalt ut i 2009, slik at det reelt sett er eit avvik på om lag 48 mill. kroner i meirutgifter, eller om lag 0,6 prosent av løyvinga. Talet på mottakarar av rehabiliteringspengar i 2008 var 45 540. Middelbestanden i 2007 var 45 945 personar. Frå 2007 til 2008 auka gjennomsnittleg stønadstid per person på ei rehabiliteringsyting frå 322 kalenderdagar til 343 kalenderdagar.

Attføringspengar

Det vart løyvd 9 950 mill. kroner til attføringspengar i 2008. Rekneskapen for 2008 syner utgifter på om lag 9 750 mill. kroner, altså ei mindreutgift på om lag 200 mill. kroner.

Utgiftene til attføringspengar gjekk ned med om lag 381 mill. kroner frå 2007 til 2008. Dette svarar til ein nedgang på 3,8 prosent nominelt. Nedgangen har si årsak i at det gjennomsnittlege talet på mottakarar av attføringspengar gjekk ned med 7,8 prosent frå 2007 til 2008.

Uføreytingar

Det vart løyvd 56 460 mill. kroner til uføreytingar i 2008 (kapittel 2655). Rekneskapen for 2008 syner at dei samla utgiftene vart på 56 526 mill. kroner, altså ei meirutgift på 66 mill. kroner.

Frå 2007 til 2008 auka utgiftene til uføreytingar med 8,3 prosent. Viktig årsak til auken er at talet på mottakarar av uføreytingar har auka og at grunnbeløpet i folketrygda har auka. Per 30. november 2008 var det om lag 339 200 mottakarar av uføreytingar. Det var ein auke på om lag 5 700 personar frå desember 2007. Den ordinære satsen for særtillegget og den garanterte tilleggspensjonen til unge uføre vart heva frå 1. mai 2008.

Hjelpemiddel

Endeleg løyving til grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel med vidare var 8 480 mill. kroner i 2008 (kapittel 2661). Den nominelle veksten i utgiftene

over kapittel 2661 frå 2007 til 2008 var på 4,7 prosent, frå 8 078 mill. kroner til 8 454 mill. kroner.

Alderdom

Det vart løyvd 105 318 mill. kroner på kapittel 2670 Alderdom for 2008. Rekneskapen syner at utgiftene vart 105 383,3 mill. kroner, om lag 65 mill. kroner meir enn løyvd.

Det var om lag 642 800 alderspensjonistar ved utgangen av 2008, 3 600 fleire enn ved utgangen av 2007. Det er venta ei sterkare auke i åra framover. Utgiftene for 2008 var 8,1 mrd. kroner (8,3 prosent) høgare enn året før.

Ved utgangen av 2008 mottok 29,9 prosent av alderspensjonistane særtillegg (minstepensjon). Det er ein auke med 2,3 prosenteningar frå året før. Auken kjem av at særtillegg høg sats vart auka frå 79,33 til 94 prosent av G. 70,1 prosent av alderspensjonistane hadde høgare pensjon enn minstepensjon.

Programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda			(i mill. kr)	
Program-kategori	Rekneskap 2006	Rekneskap 2007	Budsjett 2008	Rekneskap 2008
33.30 Arbeidsliv	18 585,1	4 666,0	4 640,0	4 851,7
Sum utgifter	18 585,1	4 666,0	4 640,0	4 851,7

Trenden i rekneskapen

Frå 2007 til 2008 auka utgiftene på programområdet med 185,7 mill. kroner, frå 4 666,0 mill. kroner til 4 851,7 mill. kroner. Avvik mellom budsjett og rekneskap syner ei meirutgift på 211,7 mill. kroner i 2008. Dette kjem av at utbetalingane vart noko høgare enn berekna for året.

Ytingar til yrkesretta attføring vart frå 2007 flytta frå programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda til nytt kapittel 2653 under programområde 29, sosiale føremål, folketrygda. Dette er årsaka til den store nedgangen i utgiftene frå 2006 til 2007.

Programkategori 33.30 består av kapittel 2541 Dagpenger og kapittel 2542 Statsgaranti for lønskav ved konkurs m.m. Det vart utbetalt 476 mill. kroner til dekning av lønskav i 2008.

Dagpengar

Dei samla utbetalingane til dagpengar under programkategori 33.30 Arbeidsliv under folketrygda vart redusert frå 6,158 mrd. kroner i 2006 til 4,400 mrd. kroner i 2007. Dette hadde samband med færre arbeidslause i perioden. I 2008 vart dei samla utbetalingane til dagpengar ytterlegare noko redusert, til 4,376 mrd. kroner. Dette har si årsak i betring på arbeidsmarknaden med færre arbeidslause fram til dei siste månadene i 2008.

2.8 Helse- og omsorgsdepartementet

Helse- og omsorgsdepartementet har ansvaret for to budsjettområde: Programområde 10 Helse og omsorg og 30 Stønad ved helsetenester.

Programområde 10 Helse og omsorg		(i mill. kr)			
Program-kategori		Rekneskap 2006	Rekneskap 2007	Budsjett 2008	Rekneskap 2008
10.00	Helse- og omsorgsdepartementet m.m.	371,1	407,0	476,9	493,0
10.10	Folkehelse	1 263,4	1 413,5	1 386,8	1 518,5
10.20	Helseteneste	1 431,1	1 517,9	1 528,2	1 649,6
10.30	Regionale helseforetak ¹⁾	70 608,7	76 495,0	88 281,2	88 323,9
10.40	Psykisk helse	4 626,2	5 410,0	6 503,8	6 519,0
10.50	Legemidler	225,3	214,5	219,0	229,9
10.60	Omsorgstenester ²⁾	2 867,1	3 255,5	1 331,3	1 316,0
Sum før lånetransaksjonar		81 393,0	88 713,4	99 727,2	100 049,9
Lånetransaksjonar ¹⁾		2 866,8	2 611,1	330,0	333,6
Sum utgifter		84 259,8	91 324,5	100 057,2	100 383,6

¹⁾ Lånefinansiering av investeringar i helseforetaka er frå 2008 ført på 82-post under programkategori 10.10. Tidlegare vart slike lån førte som lånetransaksjonar.

²⁾ Tilskotsordninga for ressurskrevjande tenester er frå 2008 flytta til programkategori 13.70 under Kommunal- og regionaldepartementet.

Avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 322,7 mill. kroner.

Tek ein omsyn til refusjonar og andre meirinntekter på i alt 221,7 mill. kroner, syner programområdet ei meirutgift på 101,0 mill. kroner. Det er overført 25,8 mill. kroner mindre frå 2008 til 2009

enn frå 2007 til 2008. Den reduserte overføringa inneber at disponibelt budsjett har auka. Tek ein omsyn til dette syner programområdet før lånetransaksjonar ei meirutgift på 75,2 mill. kroner. Lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 3,6 mill. kroner.

Trenden i rekneskapen er kommentert nedanfor.

Programområde 30 Stønad ved helsetenester		(i mill. kr)			
Program-kategori		Rekneskap 2006	Rekneskap 2007	Budsjett 2008	Rekneskap 2008
30.10	Spesialhelsetenester m.m.	2 420,6	2 563,8	2 826,0	2 833,5
30.50	Legehjelp, legemiddel m.m.	15 962,8	16 329,4	16 827,0	16 793,9
30.90	Andre helsetiltak	551,0	616,9	355,0	357,0
Sum utgifter		18 934,4	19 510,1	20 008,0	19 984,5

Avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom budsjett og rekneskap syner ei mindreutgift på 23,5 mill. kroner. Det er ikkje meirinntekter, refusjonar eller overføringar knytt til programområdet, då dette hovudsakleg inneheld løyvingar på tilskotspostar.

Trenden i rekneskapen

Frå 2007 til 2008 har det for programområde 10 vore ein nominell utgiftsvekst på 9,9 prosent frå 91 324,5 mill. kroner til 100 383,6 mill. kroner.

Endringa for programområde 10 samla sett kjem hovudsakleg av auken i utgifter under programkategori 10.30 Regionale helseforetak. Ut over generell pris- og lønsauke vart det gjeve auka løyvingar til drift og investeringar i helseforetaka, i tillegg til løyvingar i samband med auka utgifter til pensjonar.

Samla låneopptak i dei regionale helseføretaka på 1 770 mill. kroner, jf. kapittel 732, er i samsvar med likviditetsbehovet for å gjennomføre dei prioriterte prosjekta.

Programkategori 10.10 Helse- og omsorgsdepartementet og underliggjande institusjonar syner eit meirforbruk i 2008 på 131,6 mill. kroner. Meirforbruket heng i hovudsak saman med vesentlege meirinntekter i samband med sal av vaksiner ved Nasjonalt folkehelseinstitutt.

Nedgangen i utgifter under programkategori 10.60 Omsorgstenester har vore på 59,6 prosent frå 2007 til 2008, frå 3 255,5 mill. kroner til 1 316,0 mill. kroner. Dette kjem hovudsakeleg av at løyvinga til ressurskrevjande brukarar er flytt til programkategori 13.70 under Kommunal- og regionaldepartementet.

For programområde 30 har det vore ein auke i utgiftene frå 2007 til 2008 på 2,4 prosent, frå 19 510,1 mill. kroner til 19 984,5 mill. kroner. Dette er om lag i samsvar med budsjettet.

Særskilde område i helsesektoren

Drift og investeringar i helseføretaka

I statsbudsjettet for 2008 vart det lagt til grunn ein generell aktivitetsvekst på om lag 1,5 prosent frå 2007 til 2008. Basert på tal frå 2. tertial 2008 indikerte prognosar om lag 2,0 prosent aktivitetsauke i 2008 samanlikna med 2007 under ordninga innstatsstyrt finansiering (ISF), jf. St.prp. nr. 13 (2008–2009). Dette er ein auke på om lag 0,5 prosentening ut over det som vart lagt til grunn i statsbudsjettet. Etter ei avrekning med utbetalingstrekk som følgje av feil registrering i 2007, vart løyvinga til ISF auka med 1,4 mill. kroner samla sett i 2008, jf. St.prp. nr. 10 (2007–2008) og Innst. S. nr. 122 (2007–2008).

Det har òg vore ein auke i aktiviteten ved offentlege poliklinikkar i 2008 ut over det som vart lagt til grunn i statsbudsjettet. Det vart difor løyvd 95,0 mill. kroner meir til dette føremålet ved Stortinget si handsaming av St.prp. nr. 13 (2008–2009), jf. Innst. S. nr. 122 (2008–2009).

For å oppretthalde verdien på sjukehusbygg og medisinsk teknisk utstyr samla sett, må dei årlege investeringane over tid tilsvare dei årlege avskrivningane. I 2008 vart løyvingane til dei regionale helseføretaka auka med 1,67 mrd. kroner for å leggje til rette for å oppretthalde samla verdi av bygningar og utstyr som helseføretaka eig.

Opptappingsplanen for psykisk helse

Ved handsaminga av St.prp. nr. 63 (1997–1998) Om opptappingsplan for psykisk helse 1999–2006 vedtok Stortinget ein åtteårig handlingsplan for psykisk helse. Stortinget vedtok gjennom handsaminga av St.prp. nr. 1 (2003–2004) å forlengje planen med to år, det vil seie ut 2008.

Rekneskapen for programkategori 10.40 Psykisk helse syner ein auke i utgiftene på 1 109 mill. kroner, frå 5 410 mill. kroner i 2007 til 6 519 mill. kroner i 2008. I tillegg kjem utbetalingar over føretaka sine basisløyvingar, og løyvingar under andre departement.

2.9 Barne- og likestillingsdepartementet

Barne- og likestillingsdepartementet har ansvaret for to budsjettområde: Programområde 11 Familie- og forbrukarpolitikk og programområde 28 Foreldrepengar.

Programområde 11 Familie- og forbrukarpolitikk			(i mill. kr)	
Program-kategori	Rekneskap 2006	Rekneskap 2007	Budsjett 2008	Rekneskap 2008
11.00 Administrasjon	95,8	99,2	109,3	110,9
11.10 Tiltak for familie og likestilling	17 187,3	17 015,8	17 073,9	17 102,1
11.20 Tiltak for barn og ungdom	4 808,8	5 101,7	5 659,1	5 743,3
11.30 Forbrukarpolitikk	139,5	155,5	173,3	174,7
Sum før lånetransaksjonar	22 231,3	22 372,2	23 015,6	23 131,0
Lånetransaksjonar	0,0	0,0	0,0	0,0
Sum utgifter	22 231,3	22 372,2	23 015,6	23 131,0

Avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 115,4 mill. kroner.

Tek ein omsyn til refusjonar og andre meirinntekter på i alt 125,9 mill. kroner, syner programområdet ei mindreutgift på 10,5 mill. kroner. Det er overført 16,2 mill. kroner meir frå 2008 til 2009 enn frå 2007 til 2008. Den auka overføringa inneber at disponibelt budsjett er redusert. Tek ein omsyn til dette syner programområdet før lånetransaksjonar ei meirutgift på 5,7 mill. kroner.

Trenden i rekneskapen

For 2008 vart budsjettet knytt til antidiskrimineringsområdet flytta frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet til Barne- og likestillingsdepartementet i samband med at Barne- og likestillingsdepartementet overtok ansvaret for dette feltet hausten 2007. Frå 2006 til 2008 har det likevel vore ein reduksjon på 85,2 mill. kroner på programkategori 11.10. Dette kjem av at utbetalingar til kontantstønad er redusert frå 2006 til 2008 mellom anna som følge av auka barnehageutbygging.

Det har vore ein auke under programkategori 11.20 på 934,5 mill. kroner frå 2006 til 2008. Årsaka er i hovudsak auka utgifter til det statlege barnevernet og overføring av omsorgsansvaret for einlege, mindreårige asylsøkjjarar under 15 år.

Programområde 28 Foreldrepengar, folketrygda				(i mill. kr)	
Program-kategori		Rekneskap 2006	Rekneskap 2007	Budsjett 2008	Rekneskap 2008
28.50	Stønad ved fødsel og adopsjon	10 440,2	11 248,0	12 275,0	12 366,8
Sum utgifter		10 440,2	11 248,0	12 275,0	12 366,8

Avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 91,8 mill. kroner av eit samla budsjett på 12,3 mrd. kroner. Det er ikkje meirinntekter, refusjonar eller overføringar knytt til programområdet, då dette hovudsakleg inneheld overslagsløyvingar på tilskotspostar.

Trenden i rekneskapen

Utgiftene under programområde 28.50 var om lag 1,1 mrd. kroner høgare i 2008 enn i 2007 og 1,9

mrdr. kroner høgare samanlikna med 2006. Mykje av denne utgiftsauken har si årsak i inntektsauke blant stønadmottakarane, og at fedrekvota vart utvida i 2006. Full effekt av denne regelendringa kjem fyrst fram i statistikken for 2008. Det har òg vore ein auke i talet på fedrar som tek foreldrepermisjon. I tillegg kjem utgiftsauken frå sjølvstendig næringsdrivande som fekk same dekningsgrad som andre arbeidstakarar frå 1. juli 2008.

2.10 Nærings- og handelsdepartementet

Programområde 17 Nærings- og handelsføremål				(i mill. kr)
Program-kategori	Rekneskap 2006	Rekneskap 2007	Budsjett 2008	Rekneskap 2008
17.00 Administrasjon	201,3	223,3	244,3	236,0
17.10 Infrastruktur og rammevilkår	2 365,3	2 791,6	2 963,4	3 128,4
17.20 Forsking, nyskaping og internasjonalisering	2 493,9	2 678,2	3 007,2	2 946,6
17.30 Statleg eigarskap	55,2	56,9	64,8	59,3
Sum før lånetransaksjonar	5 115,7	5 750,0	6 279,6	6 370,3
Lånetransaksjonar	45 261,9	43 649,9	26 360,0	27 107,0
Sum utgifter	50 377,6	49 399,9	32 639,6	33 477,3

Avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 90,7 mill. kroner.

Tek ein omsyn til refusjonar og meirinntekter på i alt 186,1 mill. kroner, syner programområdet ei mindreutgift på 95,4 mill. kroner. Det er overført 97,6 mill. kroner meir frå 2008 til 2009 enn frå 2007 til 2008. Den auka overføringa inneber at disponibelt budsjett er redusert. Tek ein omsyn til dette syner programområdet før lånetransaksjonar ei meirutgift på 2,2 mill. kroner. Lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 747 mill. kroner.

Programområde 17 omfattar midlar til forvaltning og tilrettelegging av tiltak for nærings-, handels- og skipsfartspolitik. Ei hovudårsak til at det på området samla vart meirutgifter i 2008, er at Innovasjon Noreg brukte 747 mill. kroner meir enn berekna i budsjettet til innlån i statskassa for refinansiering av porteføljen av tidlegare opptekne innlån.

Trenden i rekneskapen

Rekneskapen for programområdet har variert ein god del dei siste åra, frå 41,1 mrd. kroner i 2005, til

50,4 mrd. kroner i 2006 og 49,4 mrd. kroner i 2007. For 2008 syner rekneskapen 33,5 mrd. kroner. Endringane er særleg knytt til finansiering av innlånsordningane under Innovasjon Noreg, på grunn av skifte mellom korte og langsiktige innlån frå statskassa. Vidare har det vore betydelege svingingar i utgiftene til tilskot, kjøp av aksjar, lån og innskot av egenkapital i statlege selskap, frå 122 mill. kroner i 2006, 5 234 mill. kroner i 2007 til 2 439 mill. kroner i 2008.

Utanom lånetransaksjonar og andre kapitalpostar (90-postar) har utgiftene for Nærings- og handelsdepartementet hatt jamn auke i perioden 2006 til 2008. Den største auken har med tilskot til sysselsetjing av sjøfolk å gjere (programkategori 17.10).

2.11 Fiskeri- og kystdepartementet

Fiskeri- og kystdepartementet har i tillegg til programområde 16 òg ansvar for ei løyving under programområde 33, programkategori 33.40 –Arbeidsliv, folketrygda.

Programområde 16 Fiskeri, havbruks- og kystforvaltning				(i mill. kr)
Program-kategori	Rekneskap 2006	Rekneskap 2007	Budsjett 2008	Rekneskap 2008
16.10 Administrasjon	104,1	119,3	122,7	119,9
16.20 Forsking og innovasjon	1 149,8	1 294,7	1 383,9	1 417,9
16.30 Fiskeri- og havbruksforvaltning	416,0	364,1	404,3	416,1
16.60 Kystforvaltning	1 351,2	1 641,4	1 571,5	1 718,8
Sum før lånetransaksjonar	3 021,1	3 419,5	3 482,5	3 672,7
Lånetransaksjonar	0,0	42,8	0,0	0,0
Sum utgifter	3 021,1	3 462,3	3 482,5	3 672,7

Avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 190,2 mill. kroner.

Tek ein omsyn til refusjonar og andre meirinntekter på i alt 70,9 mill. kroner, syner programområdet ei meirutgift på 119,3 mill. kroner. Det er overført 106,2 mill. kroner mindre frå 2008 til 2009 enn frå 2007 til 2008. Den reduserte overføringa inneber at disponibelt budsjett har auka. Tek ein omsyn til dette syner programområdet før lånetransaksjonar ei meirutgift på 13,1 mill. kroner.

Trenden i rekneskapen

I perioden 2007–2008 har det vore ein nominell auke i forbruket på 6,1 prosent frå 3 462,3 mill. kroner i 2007 til 3 672,7 mill. kroner i 2008.

Forbruket til drift av departementet under programkategori 16.10 Administrasjon har vore tilnærma uendra frå 2007 til 2008.

Løyvingane til forskning og utvikling under programkategori 16.20 Forsking og utvikling har auka dei siste åra. Noko av aukinga i 2008 kjem som ein følge av auka løyvingar til mellom anna MARE-ANO, prosjektering av eit isgåande forskingsfartøy, marin bioprospektering og Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning (NIFES).

Auken i 2007 på programkategori 16.30 Fiskeri- og havbruksforvaltning heng saman med auka løyving til tiltak mot UUU-fiske (Ulovleg, Urapportert og Uregulert fiske) og auke i tilskotsordning for NO_x-reduserande tiltak i fiskeflåten.

Løyvinga til kystforvaltninga under programkategori 16.60 har òg auka dei siste åra. Ein stor del av aukinga frå 2007 til 2008 kjem i samband med oppfølging av planramma for fiskerihamner og farleier i Nasjonal transportplan 2006–2015, og utskifting av oljevernmateriell i samband med oppfølging av oljevernrapport i statlege depot langs kysten.

Programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda				(i mill. kr)
Program-kategori	Rekneskap 2006	Rekneskap 2007	Budsjett 2008	Rekneskap 2008
33.40 Arbeidsliv ¹⁾	31,5	24,0	25,0	22,0
Sum utgifter	31,5	24,0	25,0	22,0

¹⁾ Tidlegare programkategori 33.10 Stønad under arbeidsløyse til fiskarar og fangstmenn.

Avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom budsjett og rekneskap syner ei mindreutgift på 3,0 mill. kroner. Dette kjem av at utbetalingane vart lågare enn rekna for året.

2.12 Landbruks- og matdepartementet

Programområde 15 Landbruk og mat		(i mill. kr)			
Program-kategori		Rekneskap 2006	Rekneskap 2007	Budsjett 2008	Rekneskap 2008
15.00	Landbruks- og matforvaltning m.m.	128,9	131,2	127,3	131,4
15.10	Matpolitikk	1 354,7	1 348,4	1 280,8	1 305,1
15.20	Forsking og utvikling	340,7	367,6	361,1	361,1
15.30	Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak	11 987,8	12 070,6	12 906,1	12 893,9
Sum før lånetransaksjonar		13 812,1	13 917,8	14 675,3	14 691,5
Lånetransaksjonar		0,0	0,0	0,1	0,1
Sum utgifter		13 812,1	13 917,8	14 675,4	14 691,6

Avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom budsjett og rekneskap for lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 16,2 mill. kroner.

Tek ein omsyn til refusjonar og andre meirinntekter på i alt 49,6 mill. kroner, syner programområdet ei mindreutgift på 33,4 mill. kroner. Det er overført 0,6 mill. kroner mindre frå 2008 til 2009 enn frå 2007 til 2008. Den reduserte overføringa inneber at disponibelt budsjett har auka. Tek ein omsyn til dette syner programområdet før lånetransaksjonar ei mindreutgift på 34 mill. kroner.

Trenden i rekneskapen

Rekneskapen syner at utgiftene i 2008 ligg om lag 6,4 prosent høgare enn i 2006. Samanlikna med rekneskapen for 2007 har utgiftene under programområde 15 Landbruk og mat auka med om lag 5,6 prosent i 2008.

Rekneskapen for programkategori 15.00 Landbruks- og matforvaltning for 2008 syner at utgiftene på programkategorien har vore stabile i perioden.

Programkategori 15.10 Matpolitikk syner ein reduksjon frå 2007 til 2008 på 43,2 mill. kroner. Programkategorien omfattar løyvingar til Mattilsynet, og løyvingar til kunnskapsstøtte, kunnskapsutvik-

ling og beredskap til Veterinærinstituttet og Bioforsk. Reduksjon i utgiftene på programkategorien har i hovudsak si årsak i effektivisering og uttak av omstillingsmidlar i Mattilsynet.

Programkategori 15.20 Forsking og utvikling syner ein reduksjon frå 2007 til 2008 på 6,5 mill. kroner. Rekneskapen syner at utgiftene på programkategorien har vore stabile i perioden.

Løyvinga til gjennomføring av jordbruksavtalen over kapittel 1150 utgjer hovuddelen av programkategori 15.30 Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak. I tillegg omfattar programkategorien mellom anna løyvingar til Statens landbruksforvaltning, Reindriftsforvaltninga, løyvingar til erstatningar knytt til naturskade og til gjennomføring av reindriftsavtalen. Rekneskapen for programkategorien syner samla ein auke på 823,3 mill. kroner frå 2007 til 2008. Auken er hovudsakleg knytt til kapittel 1150 Til gjennomføring av Jordbruksavtalen m.m.

2.13 Samferdselsdepartementet

Samferdselsdepartementet har ansvaret for to budsjettområde: programområde 21 Innanlands transport og programområde 22 Post- og telekommunikasjonar.

Programområde 21 Innanlands transport					(i mill. kr)
Program-kategori		Rekneskap 2006	Rekneskap 2007	Budsjett 2008	Rekneskap 2008
21.10	Administrasjon m.m.	322,8	312,0	329,6	334,4
21.20	Luftfartsforemål	674,2	689,5	727,8	750,8
21.30	Vegforemål	14 259,8	15 569,1	15 942,0	16 358,6
21.40	Særskilde transporttiltak	452,5	460,0	646,7	600,8
21.50	Jernbaneforemål	6 374,3	7 302,0	7 702,2	7 711,1
Sum før lånetransaksjonar		22 083,6	24 332,6	25 348,3	25 755,6
Lånetransaksjonar		26,5	10,4	0,0	0,0
Sum utgifter		22 110,1	24 343,0	25 348,3	25 755,6

Avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 407,3 mill. kroner.

Tek ein omsyn til refusjonar og andre meirinntekter på i alt 172,1 mill. kroner, syner programområdet ei meirutgift på 235,2 mill. kroner. Det er

overført 257,4 mill. kroner mindre frå 2008 til 2009 enn frå 2007 til 2008. Den reduserte overføringa inneber at disponibelt budsjett har auka. Tek ein omsyn til dette syner programområdet før lånetransaksjonar ei mindreutgift på 22,2 mill. kroner.

Trenden i rekneskapen er kommentert nedanfor.

Programområde 22 Post og telekommunikasjonar				(i mill. kr)	
Program-kategori		Rekneskap 2006	Rekneskap 2007	Budsjett 2008	Rekneskap 2008
22.10	Post og telekommunikasjonar	224,1	244,5	212,6	228,0
Sum før lånetransaksjonar		224,1	244,5	212,6	228,0
Lånetransaksjonar		0,0	0,0	0,0	0,0
Sum utgifter		224,1	244,5	212,6	228,0

Avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 15,4 mill. kroner.

Tek ein omsyn til refusjonar og andre meirinntekter på i alt 1,9 mill. kroner, syner programområdet ei meirutgift på 13,5 mill. kroner. Det er overført 25,8 mill. kroner mindre frå 2008 til 2009 enn frå 2007 til 2008. Den reduserte overføringa inneber at disponibelt budsjett har auka. Tek ein omsyn til dette syner programområdet før lånetransaksjonar ei mindreutgift på 12,3 mill. kroner.

Trenden i rekneskapen

I perioden 2006–2008 har det på programområde 21 vore ein nominell auke i utgiftene før lånetransaksjonar på 3 672,0 mill. kroner, frå 22 083,6

mill. kroner til 25 755,6 mill. kroner, dvs. 16,6 prosent. Den største auken var frå 2006 til 2007 med 2 249,0 mill. kroner, medan auken frå 2007 til 2008 var på 1 423,0 mill. kroner. Under lånetransaksjonar inngår lån til Svinesundsforbindelsen AS med mindre beløp for årene 2006 og 2007.

Hovuddelen av løyvingane under programområde 21 går til drift, vedlikehald og investeringar i veg og jernbane, kjøp av persontransport med tog, kjøp av riksvegferjetenester, kjøp av innanlandske flyruter og kjøp av persontransporttenester på strekninga Bergen – Kirkenes. Auken i utgifter frå 2007 til 2008 kjem i hovudsak av auka aktivitet i Statens vegvesen og Jernbaneverket. Løyvinga til kjøp av persontransporttenester på strekninga Bergen – Kirkenes auka òg monaleg i 2008.

På programområde 22 var det ein liten auke i utgiftene frå 2006 til 2007 og ein liten reduksjon frå 2007 til 2008. Ugiftene under programområde 22

har med Post- og teletilsynet å gjere. Etaten er den einaste av etatane under Samferdselsdepartementet som er sjølvfinansiert. Post- og teletilsynet har eit reguleringsfond for å handtere avviket mellom utgifter og inntekter. Midlar ført til reguleringsfondet inngår som ein del av utgiftene for etaten. I 2008 vart det ført 25,6 mill. kr til reguleringsfondet, medan det i 2007 vart ført 10 mill. kr til reguleringsfondet, slik at fondet no er på 54,1 mill. kroner.

Inntektssida på samferdselsområdet er påverka av betaling av renter og avdrag på lån til

selskap under Samferdselsdepartementet og utbyte frå selskap som Samferdselsdepartementet forvaltar staten si eigarinteresse i. Baneservice AS betalte i 2008 tilbake statslånet på 38,3 mill. kroner. Jernbaneverket og Statens vegvesen har mellom anna. inntekter frå sal av utstyr og tenester. Desse inntektene er det vanskeleg å budsjettere nøyaktig. Post- og teletilsynet finansierer verksemda si med gebyr, jf. ovanfor. Luftfartstilsynet finansierer ein del av verksemda si med gebyr.

2.14 Miljøverndepartementet

Programområde 12 Miljøvern og regional planlegging		(i mill. kr)			
Program-kategori		Rekneskap 2006	Rekneskap 2007	Budsjett 2008	Rekneskap 2008
12.10	Fellesoppgåver, regional planlegging, forskning, internasjonalt arbeid m.m.	711,4	770,4	866,2	881,3
12.20	Biomangfald og friluftsliv	717,9	876,3	1 004,3	1 064,2
12.30	Kulturminnar og kulturmiljø	319,5	354,4	401,5	410,9
12.40	Forureining	661,7	534,1	580,8	568,5
12.50	Kart og geodata	363,9	358,1	383,4	376,5
12.60	Nord- og polarområdar	178,2	198,2	205,6	217,9
Sum før lånetransaksjonar		2 952,6	3 091,6	3 441,7	3 519,3
Lånetransaksjonar		400,0	200,0	0,0	0,0
Sum utgifter		3 352,6	3 291,6	3 441,7	3 519,3

Avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 77,7 mill. kroner.

Tek ein omsyn til refusjonar og andre meirinntekter på i alt 60,1 mill. kroner, syner programområdet ei meirutgift på 17,6 mill. kroner. Det er overført 211 mill. kroner mindre frå 2008 til 2009 enn frå 2007 til 2008. Den reduserte overføringa inneber at disponibelt budsjett har auka. Tek ein omsyn til dette syner programområdet før lånetransaksjonar ei mindreutgift på 193,4 mill. kroner.

Trenden i rekneskapen

Utbetalingane under programkategori 12.10 syner ein auke i høve til rekneskapen for 2007, og ei meirutgift på 15,1 mill. kroner samanlikna med budsjettet for 2008. På driftsposten, har det vore grunnlag for eit meirforbruk i høve til budsjettet som følgje av meirinntekter. Spesielle driftsutgifter syner eit

mindreforbruk fordi ein del konsulentprosjekt har vorte forseinka. Tilskotpostane syner i sum eit mindreforbruk, overføringane til 2009 har auka i høve til overføringane frå 2007.

Programkategori 12.20 syner ein auke i utbetalingane frå 2007 til 2008, og eit meirforbruk på 60,5 mill. kroner i høve til budsjettet for 2008. Tiltak i naturvern- og kulturlandskapsområde vart mykje dyrare enn budsjettet. For enkelte statlege tileigningar vart utgiftene òg høgare enn budsjettet for 2008, særleg på områda bandlegging av friluftsområde, nasjonalparker og kjøp av forsvaret sine eigedomar. Større overføringar frå 2007 enn til 2009 dekte inn meirutgiftene på desse områda. På områda barskogvern og førebyggjande og konflikt-dempande tiltak i rovviltforvaltninga kjem ein del av utbetalingane i 2009 fordi nokre erstatningssaker står att, og fordi tiltaka kom for seint på året til at dei kunne få særleg verknad på rekneskapen for 2008.

Programkategori 12.30 syner eit høgare forbruk i 2008 enn i 2007. Overføringane på området

er høgare frå 2007 enn til 2009. I høve til budsjettet for 2008 er meirutgifta på 9,4 mill. kroner, og har særleg samanheng med driftspostane. På tilskotspostane til vernetiltak har det vore lågare utbetalningar enn ein rekna med i budsjettet.

Programkategori 12.40 syner eit mindreforbruk i høve til budsjettet for 2008 på 12,9 mill. kroner. Overføringane frå 2007 er større enn overføringane til 2009. Utbetalingane i 2008 har vore noko høgare enn i 2007. Utgiftene til oppryddingsiltak for marine sedimenter har vore større enn budsjettert for 2008, medan utbetaling av vrakpant for bilvrak har vore lågare enn ein rekna med. Den nye ordninga med sletting av klimavoter syner òg eit mindreforbruk. Ordninga vart oppretta i 2008.

Programkategori 12.50 syner eit mindreforbruk på 6,9 mill. kroner i høve til budsjettet for

2008. Utbetalingane i 2008 vart noko høgare enn i 2007. Bidraget frå partane i «Noreg digitalt» er høgare enn budsjettert, medan Statens kartverk si innsats syner ei terminforskyving i samband med desse bidraga slik at statsoppdraget vart noko redusert i 2008. Saman med ein del ledige stillingar og lågare kostnader knytt til dataapplikasjonen for matrikkelen gjev dette større overføring til 2009 enn overføringa frå 2007 var.

Programkategori 12.60 syner ei samla meirutgift for 2008 på 12,3 mill. kroner i høve til budsjettet for 2008. Utbetalingane i 2008 var noko høgare enn for 2007. Meirutgifta og større overføringar til 2009 enn frå 2007 har si årsak i større eksterne oppdragsinntekter enn budsjettert, mellom anna i samband med Det internasjonale polaråret (IPY).

2.15 Fornyings- og administrasjonsdepartementet

Programområde 01 Fellesadministrasjon		(i mill. kr)			
Programkategori		Rekneskap 2006	Rekneskap 2007	Budsjett 2008	Rekneskap 2008
01.00	Administrasjon m.m. ^{1), 2)}	386,9	427,5	373,9	370,9
01.10	Fylkesmannembeta	1 300,3	1 355,5	1 287,5	1 481,6
01.20	Forvaltnings- og IKT-utvikling	454,0	504,8	613,8	619,1
01.30	Partistøtte	294,8	303,1	323,0	321,0
01.40	Pensjonar m.m.	8 624,4	8 850,4	10 462,3	10 230,6
01.50	Konkurransopolitikk	105,7	92,4	92,5	93,9
01.60	IKT-politikk ¹⁾	155,7	264,5	77,4	60,5
01.70	Personvern ²⁾	24,3	27,4	28,9	28,2
01.80	Statsbygg ³⁾	2 435,4	2 477,4	2 522,5	2 689,1
Sum før lånetransaksjonar		13 781,5	14 303,0	15 781,9	15 894,9
Lånetransaksjonar		1 104,7	2 989,4	4 300,0	5 052,1
Sum utgifter		14 886,2	17 292,4	20 081,9	20 947,0

¹⁾ Programkategori er oppretta i 2008, og var tidlegare del av 01.00. Rekneskapstala for 2006 og 2007 er omklassifiserte.

²⁾ Programkategori er oppretta i 2008, og Datatilsynet var tidlegare del av 01.00. Rekneskapstala for 2006 og 2007 er omklassifiserte.

³⁾ Statsbygg hadde i 2006 og 2007 kategorinummer 01.60.

Avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 113 mill. kroner.

Tek ein omsyn til refusjonar og andre meirinntekter på i alt 226,8 mill. kroner, syner programområdet ei mindreutgift på 113,8 mill. kroner. Det er

overført 138,4 mill. kroner mindre frå 2008 til 2009 enn frå 2007 til 2008. Den reduserte overføringa inneber at disponibelt budsjett har auka. Tek ein omsyn til dette syner programområdet før lånetransaksjonar ei mindreutgift på 252,2 mill. kroner. Lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 752,1 mill. kroner.

Trenden i rekneskapen

Under programkategori 01.00 Administrasjon m. v. har det vore ein nedgang i utgiftene frå 2007 til 2008 på om lag 13 prosent, noko som i hovudsak kjem av overføringar av tilsette og frå departementet til Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI).

Under programkategori 01.10 Fylkesmannsembeta heng meirutgiftene saman med om lag tilsvarende meirinntekter på embeta sine inntektsområde, jf. eigne fullmakter.

Under programkategori 01.20 Forvaltnings- og IKT-utvikling har det vore ein auke på om lag 23 prosent frå 2007 til 2008. Dette kjem av oppbygginga av Direktoratet for forvaltning og IKT som vart oppretta i 2008.

Under programkategori 01.40 Pensjonar m.m. har det vore ein auke i utgiftene frå 2007 til 2008 på om lag 16 prosent om ein ser bort i frå lånetransaksjonar. Auken kjem i hovudsak av at tilskot til Statens Pensjonskasse over kapittel 1542 har auka med om lag 1,3 mrd. kroner frå 2007 til 2008 grunna høgare pensjonsutbetalingar. Frå 2006 til 2007 auka tilskotet til Statens pensjonskasse med om lag 0,25 mrd. kroner. Høgare pensjonsutbeta-

lingar dei siste åra har samanheng med G-regulering av pensjonsyttingane og sluttoppgjer for verksemdar som har meldt seg ut av SPK.

For bustadlåneordninga i SPK over kapittel 1544 har det vore ein auke i lånetransaksjonar på om lag 4,0 mrd. kroner frå netto utbetaling på om lag 1,1 mrd. kroner i 2006 til 5,1 mrd. kroner i 2008. Auken kjem i hovudsak som følge av ein vesentleg auke i gjennomsnittleg utbetalt beløp per lån, og auka etterspørsel etter lån, mellom anna som følge av ei gunstig rente i bustadlåneordninga samanlikna med den private marknaden i perioden. Samla utlån i bustadlåneordninga per 31.12.2008 er om lag 21,1 mrd. kroner.

Under programkategori 01.60 IKT-politikk har det vore ein nedgang i utgiftene frå 2007 til 2008 på om lag 77 prosent. Siste ordinære programperiode for Høykom-programmet var 2005–2007. For å følge opp prosjekt som ikkje var avslutta vart programmet vidareført ut 2008, men då med eit vesentleg lågare beløp.

Under programkategori 01.80 Statsbygg har det vore ein auke i utgiftene frå 2007 til 2008 på om lag 9 prosent. Auka kjem mellom anna av variasjon i investeringsutgifter til byggeprosjekt.

2.16 Finansdepartementet

Programområde 23 Finansadministrasjon		(i mill. kr)			
Program-kategori		Rekneskap 2006	Rekneskap 2007	Budsjett 2008	Rekneskap 2008
23.10	Finansadministrasjon	443,0	485,9	540,7	550,1
23.20	Skatte- og avgiftsadministrasjon	5 189,8	5 342,0	5 527,6	5 525,6
23.30	Offisiell statistikk	563,9	630,7	651,6	676,8
23.40	Andre føremål	11 376,4	12 644,7	15 197,6	14 769,0
Sum før lånetransaksjonar		17 573,2	19 103,2	21 917,5	21 521,6
Lånetransaksjonar		0,0	0,0	35,0	35,0
Sum utgifter		17 573,2	19 103,2	21 952,5	21 556,6

Avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei mindreutgift på 395,9 mill. kroner.

Tek ein omsyn til refusjonar og andre meirinntekter på i alt 209 mill. kroner, syner programområdet ei mindreutgift på 604,9 mill. kroner. Det er overført 149,2 mill. kroner meir frå 2008 til 2009 enn frå 2007 til 2008. Den auka overføringa inneber

at disponibelt budsjett er redusert. Tek ein omsyn til dette syner programområdet før lånetransaksjonar ei mindreutgift på 455,7 mill. kroner. Utgifter til lånetransaksjonar samsvarar med budsjettet.

Det vesentlege av mindreutgiftene har samanheng med dei regelstyrte utbetalingane av meirverdiavgiftskompensasjon til kommunar og fylkeskommunar under programkategori 23.40 Andre føremål.

Trenden i rekneskapen

Under programkategori 23.10 Finansadministrasjon er det særleg den jamne veksten i Kredittilsynets verksemd som har gjeve ein auke under denne kategorien. Frå mars 1998 til mars 2008 auka talet på tilsette i Kredittilsynet med 65 prosent.

Under programkategori 23.20 Skatte- og avgiftsadministrasjon har løyvningsnivået gjennom fleire år vore om lag uendra, når ein korrigerer for funksjonsendringar, endra organisering og noko ujamne investeringar. I 2008 vart likevel innsatsen

i grensekontrollen, overfor utanlandsk arbeidskraft og mot økonomisk kriminalitet, styrkt.

Under programkategori 23.40 har utbetalningane av meirverdiavgiftskompensasjon til kommunar og fylkeskommunar auka monaleg dei siste åra. Dette er eit uttrykk for høg aktivitet i sektoren, mellom anna på investeringssida.

Programområde 24 Statleg gjeld og fordringar, renter og avdrag o.a., er omtalt under kapittel 4 Staten sin balanse og kommentarar til finansposter. Inntektene frå skattar og avgifter er kommenterte i kapittel 1.

2.17 Forsvarsdepartementet

Programområde 04 Militært forsvar			(i mill. kr)	
Program- kategori	Rekneskap 2006	Rekneskap 2007	Budsjett 2008	Rekneskap 2008
04.10 Militært forsvar	30 417,7	32 713,5	32 657,2	34 243,9
Sum før lånetransaksjonar	30 417,7	32 713,5	32 657,2	34 243,9
Lånetransaksjonar	0,0	0,0	0,0	4,2
Sum utgifter	30 417,7	32 713,5	32 657,2	34 248,1

Avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 1 586,7 mill. kroner.

Tek ein omsyn til refusjonar og andre meirinntekter på i alt 284,3 mill. kroner, syner programområdet ei meirutgift på 1 302,4 mill. kroner. Det er overført 1 326,9 mill. kroner mindre frå 2008 til 2009 enn frå 2007 til 2008. Den reduserte overføringa inneber at disponibelt budsjett har auka. Tek ein omsyn til dette, syner programområdet før lånetransaksjonar ei mindreutgift på 24,5 mill. kroner. Lånetransaksjonar syner ei meirutgift på 4,2 mill. kroner.

Trenden i rekneskapen

I perioden 2006 til 2008 har det på programområde 04 Militært forsvar vore ein nominell auke i utgiftene før lånetransaksjonar på 12,5 prosent frå 30,4 mrd. kroner til 34,2 mrd. kroner. Driftskostnadane har auka med 4,1 prosent frå 22,91 mrd. kroner til 23,85 mrd. kroner. Investeringar i materiell har auka med 32,6 prosent. frå 6,158 mrd. kroner til 8,168 mrd. kroner, medan investeringar i eigedom,

bygg og anlegg har auka med 65 prosent frå 1,349 mrd. kroner til 2,229 mrd. kroner.

Mindreforbruket i 2008 skriv seg i all hovudsak frå forseinka framdrift på enkelte investeringsprosjekt innan eigedom, bygg og anlegg. Forsvarsbygg har hatt utfordringar knytt til høgt press i marknaden for bygg og anlegg. Rekneskapen for 2008 syner at verksemda i Forsvaret vart gjennomført innanfor dei tildelte rammene.

Omlegginga av Forsvaret fortsette i 2008. Dette inneber at vektlegginga av å modernisere materiell i Forsvaret og å styrke kompetansen innanfor kritiske områder held fram.

Aktivitet i nordområda vart særleg vektlagt. Forsvaret har òg i 2008, som eit ledd i satsinga på nordområda, styrkt sitt nærver og evne til å hevde suverenitet i nord. Prioriterte oppgåver i denne samanhengen er beredskap i kystnære område og ei aktiv rolle i miljøovervaking, ressurskontroll, utøving av myndigheit og maritimt redningsarbeid.

I tillegg har deltaking i operasjonar i utlandet innanfor ramma av multilaterale organisasjonar, då spesielt i Afghanistan, vore høgt prioritert. Det var nødvendig å auke tildelingane til drift i 2008, mellom anna for å dekkje ein auke i personell, og drift av nytt og moderne materiell. Vidare er tildelin-

gane til drift knytt til våre styrker i utlandet, i Hæren og innanfor felleskapasitetane styrka. I perioden 2006 til 2008 har løyvingane til norsk del-

taking i operasjonar i utlandet hatt ein nominell auke med 37,3 prosent frå 956,9 mill. kroner til 1 314,7 mill. kroner.

2.18 Olje- og energidepartementet

Programområde 18 Olje- og energiføremål		(i mill. kr)			
Program-kategori		Rekneskap 2006	Rekneskap 2007	Budsjett 2008	Rekneskap 2008
18.00	Administrasjon	169,6	176,5	172,7	168,5
18.10	Petroleum ¹⁾	478,3	304,4	458,7	487,7
18.20	Energi og vassressursar	503,4	511,7	496,7	525,3
18.25	Energiomlegging ²⁾		92,4	689,5	683,1
18.30	Teknologi og internasjonalisering	639,9	656,0	1 237,5	1 109,7
18.70	Statleg petroleumsverksemd	21 182,2	21 278,1	24 683,0	22 080,7
Sum før lånetransaksjonar		22 973,4	23 019,2	27 738,0	25 055,0
Lånetransaksjonar		0,0	10 010,0	18 900,0	17 136,5
Sum utgifter		22 973,4	33 029,2	46 638,0	42 191,5

¹⁾ Tilskot til Petoro AS er frå 2007 flytta frå programkategori 18.10 til programkategori 18.70.

²⁾ Flytta frå programkategori 18.20 i 2007.

Avvik mellom budsjett og rekneskap

Avvik mellom budsjett og rekneskap før lånetransaksjonar syner ei mindreutgift på 2 683 mill. kroner.

Tek ein omsyn til refusjonar og andre meirinntekter på i alt 43,9 mill. kroner, syner programområdet ei mindreutgift på 2 726,9 mill. kroner. Det er overført 126,3 mill. kroner meir frå 2008 til 2009 enn frå 2007 til 2008. Den auka overføringa inneber at disponibelt budsjett er redusert. Tek ein omsyn til dette syner programområdet før lånetransaksjonar ei mindreutgift på 2 600,5 mill. kroner. Lånetransaksjonar syner ei mindreutgift på 1 763,5 mill. kroner.

Under programkategori 18.30 er mindreforbruket knytt til planlegging og førebuingar av følgjande CO₂-handteringsprosjekt:

- Fullskala CO₂-fangst på Kårstø
- Transport og lagring av CO₂ frå Mongstad og Kårstø

Mindreutgifta under programkategori 18.70 heng saman med lågare investeringar som følgje av at aktivitetar, jamført med plan, er satt ut i tid for fleire felt, rørsystem og landanlegg, og nokre innsparingar. Dei største reduksjonane samanlikna med

budsjett er knytte til Gassled, Troll olje, Troll gass, Gjøa, Oseberg og Heidrun.

Mindreutgifta knytt til lånetransaksjonar har samanheng med at kjøp av aksjar i Statoil ikkje vart gjennomført så raskt som føresett.

Trenden i rekneskapen

Under programkategori 18.10 heng auka utgifter i 2008 i hovudsak saman med at Oljedirektoratet fekk ein auke i sine løyvingar knytt til geologisk kartlegging i området Nordland VII og Troms II.

Programkategori 18.25 Energiomlegging vart oppretta i 2007. Under lånetransaksjonar vart det i 2007 gjort eit innskot på 10 000 mill kroner i Grunnfond for fornybar energi og energieffektivisering. Avkastninga frå Grunnfondet gav ei utbetaling på 431 mill. kroner i 2008. I tillegg vart det løyvd 200 mill. kroner ekstra til fornybare energikjelder og energieffektivisering i 2008.

Under programkategori 18.30 Teknologi og internasjonalisering har auka løyvingar i 2008 samanheng med planlegging og førebuing av CO₂-handteringsprosjektar på Kårstø og Mongstad.

I 2008 er det kjøpt aksjar i StatoilHydro ASA for om lag 17,1 mrd. kroner.

2.19 Statsbankane

Husbanken

Samla uteståande fordringar i Husbanken var på 100,9 mrd. kroner ved utgangen av 2008. Dette var om lag 3,8 mrd. kroner høgare enn ved siste årsskifte. I tillegg til sjølve låna omfattar summen òg periodiserte renter. Opptente, ikkje betalte renter utgjer om lag 724 mill. kroner per 31.12.2008.

Husbanken hadde i 2008 eit brutto tap på utlån på 12,7 mill. kroner. Tilsvarende tal for 2007 var 12,9 mill. kroner. Når ein reknar med tilbakeføring av tap som følge av innbetalningar/ avtalar inngått, var netto tap på utlån 9,9 mill. kroner. Av samla brutto tap er 5,2 mill. kroner knytt til personlege låntakarar, noko som er ein reduksjon på 2,1 mill. kroner frå 2007. Eit par større enkeltsaker har bidrege til at tapa for ikkje-personlege låntakarar har auka med 1,9 mill. kroner samanlikna med fjoråret, og utgjorde i alt 7,5 mill. kroner i 2008.

Det var ei mindreinntekt på Husbanken sin avdragspost på om lag 494,4 mill. kroner. Dette kjem av færre ekstraordinære innbetalningar og innløysingar enn det som var venta.

Statens lånekasse for utdanning

Samla uteståande fordringar for Statens lånekasse for utdanning var per 31. desember 2008 101,5 mrd. kroner, ein auke på 5,3 mrd. kroner frå 31. desember 2007. I tillegg til sjølve utdanningslåna omfattar summen òg periodiserte renter og gebyr. 26,9 mrd. kroner av utdanningslåna er ikkje renteberande. Andre ikkje renteberande fordringar er opptente, ikkje betalte renter på om lag 903 mill. kroner og ikkje betalte gebyr på om lag 77 mill. kroner. Uteståande renteberande rente er om lag 2 mrd. kroner, ein auke på 275 mill. kroner frå 2007. Det vart utgiftsført 332 mill. kroner i tap på utlån i 2008. Tap på utlån i 2007 var 322 mill. kroner.

Konverteringsordninga i Lånekassa

Frå undervisningsåret 2004–2005 betaler Lånekassa ut heile basisstøtta som lån for dei som er omfatta av støtteordninga for høgare utdanning m.m. Inntil 40 prosent av støttebeløpet kan verte konvertert til stipend når støttemottakaren har

gjennomført utdanninga vedkomande har fått støtte til. I statsbudsjetta vert det kvart år løyvd midlar til avsetjingar til å dekkje framtidig konvertering frå lån til stipend gjennom ei avsetjing til Konverteringsfondet. Denne løyvinga går over kapittel 2410, post 50. Kapittel 5310, post 93 i rekneskapen syner nettobeløpet av lån som vert ettergjeve og trekt frå konverteringsfondet.

Utgiftene til andre stipend under Lånekassa kjem fram på kapittel 2410, postane 70 og 71. For å få ei oversikt over dei samla netto utgiftene til stipend, må lån som er konverterte til stipend, leggjast til stipendutgiftene som kjem fram i rekneskapen til Lånekassa. Dette kjem fram om ein ser kapittel 2410, postane 70 og 71 og kapittel 5310, post 93 i samanheng.

For 2008 betalte Lånekassa ut om lag 3,1 mrd. kroner som stipend. Om lag 3,9 mrd. kroner vart netto konvertert frå lån til stipend under konverteringsordninga. Dei samla netto utgiftene til stipend i 2008 er dermed om lag 7,0 mrd. kroner.

Innovasjon Noreg

Samla utlån per 31.12.2008 utgjer 11,8 mrd. kroner etter tapsavsetjingar, mot 11,5 mrd. kroner per 31.12.2007. Auken utgjer 0,3 mrd. kroner.

Utlåna er fordelte med 9,0 mrd. kroner på lågri-sikolån (om lag 16 000 lån), 1,3 mrd. kroner på ordinære risikolån, distriktsretta låneordning og Miljøfondet (om lag 1 330 lån), og 1,5 mrd. kroner til andre utlån, som omfattar ansvarlege lån til såkornfond og bygdeutviklingslån til landbruket. Den siste ordninga omfattar om lag 9 600 lån og vert forvalta av Innovasjon Noreg for Landbrukets utviklingsfond.

Rekneskapen for 2008 syner eit netto tap på utlån på 94,9 mill. kroner mot 1,6 mill. kroner i rekneskapen for 2007 og 36,8 mill. kroner i 2006. Auken må sjåas i samanheng med den generelle uroa i finansmarknadene. Brutto bokførte tap på utlån og garantiar i 2008 utgjer 185,1 mill. kroner, av dette utgjer konstaterte tap 73,3 mill. kroner. Endring i tapsnedskrivningar utgjer 111,9 mill. kroner, og tap dekte av tapsfond utgjer 90,2 mill. kroner. (I brutto bokførte tap inngår òg innkomne avdrag på tidlegare avskrivne tap med 4,9 mill. kroner.)

3 Statens pensjonsfond

Lov om Statens pensjonsfond trådte i kraft 1. januar 2006. Frå same dato vart Statens pensjonsfond etablert som ein overbygning over det som tidlegare var Statens petroleumsfond og Folkestrygdfondet. Fondet består av Statens pensjonsfond – Utland (tidlegare Statens petroleumsfond) og Statens pensjonsfond – Noreg. Verksemda i dei to fonda er ført vidare innanfor den nye overbyg-

ninga. Tabell 3.1 syner at samla verdi av dei to fonda var 2 367 386 mill. kroner ved utgangen av 2008, ein auke på 231 553 mill. kroner frå utgangen av 2007. Dei to fonda fører eigne rekneskap, og kapitalen i fonda vert teken med i kapitalrekneskapen i kontogruppe 61 Spesielle fond og forsikringar.

Tabell 3.1 Samla verdi av Statens pensjonsfond (tal i mill. kroner)

	2007	2008	Endring
Statens pensjonsfond – Utland	2 018 486	2 279 635	261 149
Statens pensjonsfond – Noreg	117 347	87 751	- 29 596
Statens pensjonsfond samla	2 135 833	2 367 386	231 553

3.1 Statens pensjonsfond – Utland

Inntektene og utgiftene til Statens pensjonsfond – Utland er definerte i lov 21. desember 2005 nr. 123 om Statens pensjonsfond. Inntektene i 2008 er summen av staten sin netto kontantstraum frå petroleumsverksemda, netto finanspostar (kjøp og sal av aksjar i StatoilHydro ASA), og avkastninga av formuen i fondet. Utgiftene til fondet er ei årleg overføring frå fondet til statskassa etter vedtak i Stortinget¹. Med utgangspunkt i innstillinga frå finanskomiteen ved handsaminga av tidlegare lov om Statens petroleumsfond, vart det etablert som praksis at overføringa svarer til det oljekorrigerte underskotet på statsbudsjettet. Ifølgje handlingsregelen for budsjettpolitikken skal det strukturelle oljekorrigerte underskotet over tid svare til forventa realavkastning av Statens pensjonsfond – Utland, berekna til 4 prosent.

Rekneskapen for Statens pensjonsfond – Utland vert ført etter dei same retningslinene som rekneskapen elles i Noregs Bank. Frå 1999 er rekneskapen ført etter prinsippet om marknadsverdi.

Tabell 3.2 nedanfor syner resultatrekneskapen for Statens pensjonsfond – Utland. Tabell 3.3 syner balansen til fondet og tabell 3.4 spesifiserer endringane i fondet sin balanse.

Resultatrekneskapen (tabell 3.2) for 2008 syner at Statens pensjonsfond – Utland hadde inntekter på til saman 513 650 mill. kroner. Netto kontantstraum frå petroleumsverksemda til staten utgjorde den største delen av desse inntektene med 415 866 mill. kroner. Dei bokførte renteinntektene og utbyte frå selskapa i porteføljen utgjorde til saman 97 784 mill. kroner i 2008 etter fråtrekk for forvaltningskostnader med 2 165 mill. kroner. Etter vedtak i nysaldert budsjett 2008 vart det overført 8 370 mill. kroner frå Statens pensjonsfond – Utland til statsbudsjettet i 2008. Overskotet i fondet etter nasjonalrekneskapen sine definisjonar vart dermed 505 280 mill. kroner.

Staten hadde vidare utgifter i 2008 i samband med kjøp av aksjar i StatoilHydro ASA for 17 136 mill. kroner, noko som auka staten (v/OED) sin eigardel i selskapet frå 62,5 prosent til 66,4 prosent. Beløpet vart overført frå fondet i tråd med lov om Statens pensjonsfond §3, 2. ledd.

Omvurderingane i rekneskapen for Statens pensjonsfond – Utland i 2008 utgjorde i alt ein netto nedgang på 226 995 mill. kroner (tabell 3.4). Av dette var 102 929 mill. kroner realiserte verdipapirtap og 630 229 mill. kroner var urealiserte tap på

¹ Overføringa frå fondet til statskassa vert fastsett i samband med Stortinget si handsaming av nysaldert budsjett i desember.

verdipapir. Valutakursreguleringar førte til ein auke i verdien av fondet målt i norske kroner svarande til 506 163 mill. kroner som følgje av nedgang i kronekursen i 2008. Noregs Bank sitt resultatrekneskap for forvaltninga av Statens Pensjonsfond – Utland syner eit resultat for valutakursregulering på -633 209 mill. kroner (jf. spesifikasjon i tabell 3.4, notane 1 og 2).

Kontantstraumen frå petroleumsverksemda medrekna utgifter i samband med at staten har kjøpt aksjar i StatoilHydro ASA og med frådrag for overføringa til statsbudsjettet, utgjer netto avsetjing til fondet over statsbudsjettet. For 2008 utgjer dette 390,4 mrd. kroner². Kontantoverføringane frå statskassa til fondet gjennom året, vert fastlagde ut frå ein prognose for netto avsetjing, der ein òg tek omsyn til om det året før vart overført for mykje eller for lite.

For 2008 vart det samla overført 385,5 mrd. kroner. Overføringane fordelte seg slik (tal i mrd. kroner):

Månad	Overføring
Januar	33,1
Februar	31,3
Mars	25,4
April	27,5
Mai	29,3
Juni	33,8
Juli	40,1
August	41,5
September	46,7
Oktober	46,2
November	30,6

I 2007 vart det overført 1,5 mrd. kroner for lite frå statskassa til fondet samanlikna med netto avsetjing, jf. mellomrekninga med statskassa per 31.12.2007. Overføringane for 2008 utgjer 384,0 mrd. kroner når ein tek omsyn til dei 1,5 mrd. som vart for lite overført i 2007. Dei kontante overføringane i 2008 er etter dette 6,3 mrd. kroner mindre enn netto avsetjing til Statens pensjonsfond – Utland etter statsrekneskapen. I kapitalrekneskapen per 31. desember 2008 er differansen ført opp som ei mellomrekning mellom fondet og statskassa (tabell 3.3). I tråd med tidlegare praksis legg ein opp til at det vert korrigert for denne mellom-

rekninga i overføringane til fondet i 2009.

Etter å ha korrigert for mellomrekninga med statskassa og trekt frå samla godtgjerings til Noregs Bank, syner rekneskapen at den bokførte verdien av fondet ved utgangen av 2008 var på 2 279,6 mrd. kroner. Dette svarer òg til marknadsv verdien, jf. at fondet vert ført til marknadsv verdi i rekneskapen. Fondets balanse er nærare spesifisert i tabell 3.3.

Midlane i Statens pensjonsfond – Utland er plasserte i både renteberande verdipapir og eigenkapitalinstrument. Noregs Bank forvaltar Statens pensjonsfond – Utland på oppdrag frå Finansdepartementet. Finansdepartementet har i forskrift og i utdjupande retningsliner definert nærare innretting for forvaltninga. I forskrifta om forvaltninga av fondet heiter det at Finansdepartementet skal definere ein referanseportefølje som vil utgjere grunnlaget for risikostyringa. Referanseporteføljen er sett saman slik at han skal representere ein nøytral investeringsstrategi innanfor dei retningslinene Finansdepartementet har fastsett. Vidare har Finansdepartementet sett ei ramme for kor mykje dei faktiske investeringane kan avvike frå referanseporteføljen, målt ved risikomålet forventa relativ volatilitet. Relativ volatilitet er definert som standardavviket til avkastninga av den såkalla differanseporteføljen, som utgjer skilnaden mellom referanseporteføljen og den faktiske porteføljen, jf. nærare omtale i St.meld. nr. 1 (1997–1998) Nasjonalbudsjettet 1998. Ramma for relativ volatilitet har frå målet vart innført i 1998 vore 1,5 prosent. Referanseporteføljen var frå 1998 sett saman av 60 prosent renteberande instrument og 40 prosent eigenkapitalinstrument. Den delen som utgjer eigenkapitalinstrument er vedteken auka til 60 prosent og er under opptrapping til dette nivået. Ved utgangen av 2008 utgjorde eigenkapitalinstrument om lag 50 prosent.

Den 11. mars 2009 offentliggjorde Noregs Bank årsmeldinga for si forvaltning av Statens pensjonsfond – Utland.

Årsmeldinga til Noregs Bank beskriv korleis den særskilde porteføljen av utanlandske verdipapir i Statens pensjonsfond – Utland, som svarer til verdien av innskotet i Noregs Bank, vart forvalta i 2008. Bokført verdi av den særskilde porteføljen var 2 273,3 mrd. kroner ved utgangen av 2008 etter fråtrekk av forvaltningskostnader. Avkastninga på dei utanlandske investeringane i fondet vart -23,3 prosent for heile 2008 når ein måler i utanlandsk valuta i samsvar med valutasamansetjinga til referanseporteføljen. Når ein fordeler avkastninga på aksje- og obligasjonsporteføljane, syner tala at aksjeinvesteringane gav ei avkastning på -40,7 prosent, medan avkastninga på obligasjonsinvesteringane utgjorde -0,52 prosent. Den vekta summen av

² Netto avsetjing til fondet for 2008 (390,4 mrd. kroner) utgjer netto kontantstraum (415,9 mrd. kroner) med frådrag for kjøp av aksjar i StatoilHydro ASA (17,1 mrd. kroner) og overføringa til statsbudsjettet frå fondet (8,4 mrd. kroner).

avkastning i dei to aktivaklassane svarar ikkje nøyaktig til den samla avkastninga i fondet. Årsaka er at avkastningstala for året kjem fram ved å kjede månadlege avkastningstal for aktivaklassane og for totalen kvar for seg.

Verdien av den norske krona svekka seg mot valutakorga til Statens pensjonsfond – Utland i 2008. Dette førte til at verdien av fondet målt i norske kroner vart tilsvarende høgare. For heile året var den samla avkastninga -6,7 prosent målt i norske kroner. Det er likevel avkastninga i utanlandsk valuta som er relevant når ein skal vurdere utviklinga i den internasjonale kjøpekrafta til fondet.

Tala for avkastning er brutto, der forvaltningskostnadene ikkje er trekte frå. I resultatoppstillinga for fondet i tabell 3.2 er forvaltningskostnadene trekte frå. Dei samla kostnadene til forvaltninga vert dekt av avkastninga til fondet i samsvar med forvaltningsavtalen mellom Finansdepartementet og Noregs Bank. For 2008 utgjorde dei samla kostnadene for Pensjonsfondet – Utland 0,11 prosent av kapitalen. Avkastningsavhengige honorar til eksterne forvaltarar er rekna med. Samla utgjorde forvaltningsgodtgjeringsa til Noregs Bank 2 165 mill. kroner i 2008.

Det er gjeve ei nærare omtale i årsmeldinga for fondet. Noregs Banks årsrapport er uttrykt vedlegg til St.meld. nr. 20 (2008–2009) Om forvaltningen av Statens pensjonsfond i 2008.

Noregs Bank si forvaltning av Statens pensjonsfond – Utland vert revidert av revisjonen til Noregs Bank. Noregs Banks revisjon er underlagt Representantskapen, som er oppnemnt av Stortinget. Revisjonen til Noregs Bank etablerte i 2007 eit samarbeid med Deloitte AS for å styrkje kompetansen og møte særlege utfordringar i den finansielle revisjonen av kapitalforvaltninga. Revisjonen til Noregs Bank og Deloitte har saman stadfesta rekneskapsrapporteringa for Statens pensjonsfond – Utland for 2008. Den overordna revisjonen av Finansdepartementet si forvaltning av Statens pensjonsfond – Utland er lagt til Riksrevisjonen, og Riksrevisjonen byggjer til dels sin revisjon på det arbeidet som vert utført av revisjonen til Noregs Bank, men utfører òg eigne kontrollhandlingar retta mot Noregs Bank.

Ot.prp. nr. 58 (2008–2009) om endringer i sentralbanklova inneheld forslag om å endre framtidig revisjonsordning for Noregs Bank.

Tabell 3.2 Resultatrekneskap for Statens pensjonsfond – Utland (tal i mill. kroner)

Kap.	Post	Tekst	2007	2008
		INNTEKTER		
5507		Skatt og avgift på utvinning av petroleum		
	71	Ordinær skatt på formue og inntekt	70 281	88 802
	72	Særskatt på oljeinntekter	116 233	150 839
	73	Produksjonsavgift	-0	-0
	74	Arealavgift m.m.	764	1 842
		Sum kap 5507	187 277	241 483
5508	70	Avgift på utslepp av CO ₂ i petroleumsvirksemda på kontinentalsokkelen	3 385	3 392
5509	70	Avgift på utslipp av NO _x i petroleumsvirksemda på kontinentalsokkelen	491	292
5440		Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsvirksemda		
	24	Driftsresultat	108 817	152 576
	30	Avskrivingar	15 404	15 741
	50	Overføring frå Statens petroleumsforsikringsfond	1 137	708
	80	Renter av statens kapital	6 918	6 560
	85	Renter på mellomrekneskapen	11	13
		Sum kap 5440	132 287	175 597
5685	80	Utbyte StatoilHydro	14 006	16 940
		Sum inntekter frå petroleumsvirksemda	337 446	437 705

Kap.	Post	Tekst	2007	2008
		UTGIFTER		
2440		Statens direkte økonomiske engasjement i petroleums- verksemda på kontinentalsokkelen		
	30	Investeringar	19 951	19 998
	50	Overføring til Statens petroleumsforsikringsfond	1 101	1 841
		Sum kap 2440	21 052	21 839
2442		Disponering av innretningar på norsk kontinentalsokkel		
	70	Tilskot	5	0
		Sum utgifter til petroleumsverksemda	21 056	21 839
		Den netto kontantstraumen frå petroleumsverksemda, overført til SPU frå statsbudsjettet (inntekt – utgift)	316 389	415 866
		Renteinntekter og utbyte m.m. ¹⁾	74 302	97 784
		Sum inntekter Statens pensjonsfond – Utland	390 691	513 650
		Overført frå SPU til statsbudsjettet	2 810	8 370
		Overskot i Statens pensjonsfond – Utland	387 881	505 280
¹⁾ Dette talet utgjorde summen av desse postane (tal i mill. kroner). Sjå òg fotnote 2 til tabell 3.4:				
			2007	2008
		Renteinntekter	57 262	69 359
		Utbyte	18 823	30 590
		Forvaltningsgodtgjering	-1 783	-2 165
		Sum	74 302	97 784

Tabell 3.3 Balanse for Statens pensjonsfond – Utland per 31.12. 2008 (tal i mill. kroner)

Aktiva		Passiva	
Konto i Noregs Bank ²⁾	2 273 289	Eigenkapital	2 279 635
Mellomrekning med statskassa ¹⁾	6 346		
Sum	2 279 635	Sum	2 279 635

¹⁾ Statsrekneskapen syner at netto avsetjing til Pensjonsfondet – Utland i 2008 vart 6 346 mill. kroner høgare enn det som faktisk vart overført frå statskassa til fondet. Denne differansen utgjer per 31.12.08 ei fordring for fondet på statskassa som vert innløyst etter utløpet av budsjetterminen, i form av ein auke i overføringa til fondet i 2009.

²⁾ I samsvar med forskrifta for forvaltning av Statens pensjonsfond – Utland av 22. desember 2006 vert fondet plassert på ein særskild konto i form av kroneinnskott i Noregs Bank. Noregs Bank plasserer desse midlane i sitt eige namn i aktiva denominerte i utanlandsk valuta. Noregs Banks balanse for Statens pensjonsfond – Utland fordelte seg slik per 31.12.08 (tal i mill. kroner):

EIGEDLAR	2007*)	2008
Innskott utanlandske bankar	30 004	18 111
Utlån knytt til gjensalsavtaler	870 834	274 132
Avgjeve kontantsikring	0	114
Aksjar og andelar	945 113	1 126 760
Obligasjonar og andre renteberande papir	1 213 806	1 612 236
Finansielle derivatar **)	2 094	0
Andre fordringar	5 229	17 164
Sum finansielle eigedelar	3 067 080	3 048 517
GJELD OG EIGENKAPITAL		
Kortsiktige innlån	187	133
Utlån knytt til gjenkjøpsavtaler	710 898	514 395
Mottatt kontantsikring	303 680	188 608
Finansielle derivatar**)	0	36 320
Uoppgjorte handlar	33 480	30 144
Annan gjeld	97	3 463
Påkommen forvaltningsgodtgjering	1 783	2 165
Sum finansiell gjeld	1 050 125	775 228
Eigenkapital	2 016 955	2 273 289
Sum gjeld og eigenkapital	3 067 080	3 048 517

*) Frå og med rekneskapen for 2008 er det gjort følgjande endring i rekneskapsprinsippa: Motteke sikring i kontantar er rekna inn i balansen. Det same gjeld sikring i form av verdipapir om dei vert reinvesterte. Rekneskapstala for 2007 er presentert til svarande. Sjå note 0 i Noregs Bank si årsmelding om SPU for 2008.

**) Finansielle derivatar: Endring i marknadsverdi av finansielle derivatar er resultatført og med i balansen. Slike posisjonar er spesifisert i note til rekneskapen. For nærare skildring av dei ulike derivata, sjå note 6 i Noregs Bank si årsmelding om SPU for 2008. Delar av note 6 er òg presentert nedanfor (tal i mill. kroner):

Finansielle derivatar per 31.12.2008	Eksponering		Verkeleg verdi		
	Kjøpte	Selde	Eigedel	Gjeld	Netto verdi
Valutahandlar	22 111	0	423	395	28
Børsnoterte futures kontraktar	27 003	43 070	1 690	922	768
Rentebyteavtaler	415 535	474 465	26 280	59 634	-33 354
Totalavkastningsbyteavtaler	2		41		41
Kreditbyteavtaler	95 750	61 310	6 288	4 894	1 394
Aksjebyteavtaler	8 260	1 851	820	7 085	-6 265
Sum byteavtaler	519 547	537 626	33 429	71 613	-38 184
Opsjonar	42 328	33 503	4 037	2 969	1 068
Sum finansielle derivatar	610 989	614 199	39 579	75 899	-36 320

Tabell 3.4 Spesifisering av endring i balansen for Statens pensjonsfond – Utland (tal i mill. kroner) ^{1) 2)}

	2007	2008
Inngående saldo 1.1.	1 782 829	2 018 486
Overskot	387 881	505 280
Sal/kjøp av aksjar i StatoilHydro ASA m.m.	2 442	-17 136
Valutakursreguleringar (gevinst/tap) ¹⁾	-146 412	506 163
Urealiserte gevinstar/tap før valutakursregulering ²⁾	-53 547	-630 229
Realiserte gevinstar/tap før valutakursregulering ²⁾	45 294	-102 929
Omvurderingar samla	-154 666	-226 995
Utgående saldo 31.12.	2 018 486	2 279 635

¹⁾ Noregs Banks resultatrekneskap for Statens pensjonsfond – Utland (tal i mill. kroner):	2007	2008
Renteinntekter innskot i utanlandske banker	431	494
Renteinntekter utlån knytt til gjensalsavtaler	33 564	14 189
Netto inntekt/kostnad – gevinst/tap frå:		
- Aksjar og andelar	41 627	-595 304
- Obligasjonar og andre renteberande verdipapir	19 750	-686
- Finansielle derivatar	5 265	-31 210
Rentekostnad innlån	-32 509	-20 124
Andre rentekostnader	-118	-613
Andre kostnader	-179	44
Sum resultat frå forvaltning før valutakursreguleringar	67 831	-633 209
Valutakursreguleringar	-146 412	506 163
Sum resultat	-78 581	-127 046
Påkommen forvaltningsgodtgjering	-1 783	-2 165
Årsresultat	-80 364	-129 211

²⁾ I note 1 til Noregs Banks resultatrekneskap for Statens pensjonsfond – Utland er resultat frå forvaltning før valutakursfordeling 2008 spesifisert slik (tal i mill. kroner):

	Renter	Utbyte	Real. gev./tap	Ureal. gev./tap	SUM
Renteinntekter på innskot i utanlandske bankar	494				494
Renteinntekter på utlån knytt til gjensalsavtaler	14 189				14 189
Netto inntekt/kostnad – gevinst/tap frå:					
- Aksjar og andelar	1 349	30 590	-81 986	-545 257	-595 304
- Obligasjonar og andre renteberande verdipapir	62 652		-14 684	-48 653	-686
- Finansielle derivatar	11 367		-6 259	-36 318	-31 210
Rentekostnad innlån	-20 124				-20 124
Andre rentekostnader	-613				-613
Andre kostnader	44				44
Sum resultat frå forvaltning før valutakursreguleringar	69 359	30 590	-102 929	-630 229	-633 209

3.2 Statens pensjonsfond – Noreg

Folketrygdfondet forvaltar Statens pensjonsfond – Noreg på oppdrag frå Finansdepartementet. Frå 1. januar 2008 er Folketrygdfondet etablert som særlovsverksemd, jf. Stortingets handsaming av Ot.prp. nr. 49 (2006–2007). Ei ny forskrift for forvaltninga av Statens pensjonsfond – Noreg trådte i kraft 1. januar 2008 og erstatta forskrifta av 15. desember 2006. Det følgjer av den nye forskrifta at

midlane i Statens pensjonsfond – Noreg kan plasserast i eigenkapitalinstrument og renteberande instrument. Det kan nyttast finansielle instrument, mellom anna derivat, i styringa av aksje- og renteporteføljen. Folketrygdfondet kan vidare inngå sals- og gjenkjøpsavtaler i høve til eigenkapitalinstrument og renteberande instrument der den som tilegnar seg instrumenta etter avtalen har plikt til å føre desse tilbake til seljar. Innanfor ei ramme på 50–70 prosent av fondets kapital rekna til mar-

knadspris skal midlane plasserast i eigenkapitalsinstrument tekne opp til handel på regulerte marknadsplassar i Noreg (80–90 prosent) og Danmark, Finland og Sverige (10–20 prosent). Vidare skal fondets midlar innanfor ei ramme på 30–50 prosent plasserast i renteberande instrument der utstedar hører heime i Danmark, Finland, Sverige eller Noreg, eller har eigenkapital teke opp til handel på regulerte marknadsplassar i desse landa. I samband med den nye forskrifta er det òg gjeve utfyllande retningslinjer som gir nærare reglar om forvaltninga av Pensjonsfondet – Noreg.

Folketrygdfondet offentliggjorde 3. april 2009 årsmeldinga for forvaltning av Statens pensjonsfond – Noreg i 2008. Kapitalen i Statens pensjonsfond – Noreg var 87,8 mrd. kroner ved utgangen av 2008, jf. tabell 3.6 nedanfor. Marknadsverdien av dei samla eigenkapitalplasseringane til fondet var 45,6 mrd. kroner. Fondet hadde eit urealisert kurs-tap på slike verdipapir på 37,6 mrd. kroner. Marknadsverdien av dei samla renteplasseringane var 44,0 mrd. kroner per 31. desember 2008. I tillegg kjem netto gjeld knytt til repohandlar på 2,0 mrd. kroner.

I 2008 var inntektene i Statens pensjonsfond – Noreg (medrekna endring i urealiserte gevinstar)

på -29 596 mill. kroner, jf. tabell 3.5 nedanfor. Renteinntekter utgjorde 2 899 mill. kroner, medan utbyte frå selskap i porteføljen utgjorde 2 371 mill. kroner. Dei realiserte verdipapirgevinstane var på til saman -100 mill. kroner. Samla administrasjons- og forvaltningskostnader var 89 mill. kroner utanom ekstraordinære pensjonskostnader.

Årsmeldinga til Folketrygdfondet skildrar korleis porteføljen av verdipapir i Statens pensjonsfond – Noreg vart forvalta i 2008. Avkastninga i fondet i 2008 var -25,1 prosent. Avkastninga på plasseringane til fondet i norske renteinstrument var 8,5 prosent, medan avkastninga på norske aksjar var -49,2 prosent. Avkastning av rente- og aksjeplasseringar i resten av Norden var på respektive 23,5 og -32,8 prosent.

Folketrygdfondets forvaltning av Statens pensjonsfond – Noreg vart i 2008 revidert av selskapet Ernst & Young, som vart peika ut av departementet. Riksrevisjonen vil følgja opp og kontrollere Finansdepartementet som forvaltar av Statens pensjonsfond og eigar av Folketrygdfondet, jf. St.meld. nr. 1 (2007–2008) Nasjonalbudsjettet 2008 og St.meld. nr. 16 (2007–2008) Om forvaltninga av Statens pensjonsfond i 2007.

Tabell 3.5 Folketrygdfondets resultatrekneskap for Statens pensjonsfond – Noreg (tal i mill. kroner)

	2007	2008
Renteinntekter	2 225	2 899
Aksjeutbyte	2 018	2 371
Netto realisert verdipapirgevinst/tap frå:		
- Renteplasseringar m.m.	-178	-1 322
- Aksjeplasseringar	5 335	1 222
Netto endring urealisert verdipapirgevinst/tap frå:		
- Renteplasseringar m.m.	-700	2 813
- Aksjeplasseringar	1 845	-37 642
Netto andre inntekter	-83	152
Sum resultat før kostnader	10 462	-29 507
Administrasjons- og forvaltningskostnader	53	89
Resultat ¹	10 409	-29 596

¹ Summen av renteinntekter og aksjeutbyte og netto andre inntekter, og med fråtrekk for administrasjons- og forvaltningskostnader inngår i statens samla overskot, jf. tabell 1.2, kapittel 1. For 2008 utgjør dette 5 333 mill. kroner.

Tabell 3.6 Hovudtal i balansen for Statens pensjonsfond – Noreg per 31.12 (tal i mill. kroner)

	2007 ¹	2008
<i>Eigedelar</i>		
Aksjar	70 084	45 628
Obligasjonar og sertifikat	45 974	41 515
Valutasikringsinstrument og renteswapar	0	865
Fordringar	719	184
Bankinnskot	1 104	1 573
Sum eigedelar	117 881	89 765
<i>Gjeld og eigenkapital</i>		
Eigenkapital Statens pensjonsfond – Noreg	117 347	87 751
Gjeld knytt til utlån obligasjonar (repoar)	216	2 014
Valutasikringsinstrument og renteswapar	316	0
Kapital og gjeld knytt til Folketrygdfondet	2	0
Sum gjeld og eigenkapital	117 881	89 765

¹ I balansetala for 2007 er det gjort nokre omklassifiseringar samanlikna med meldinga for året før. Oppstillinga samsvarer med hovudtal i Folketrygdfondets balanseoppstilling for Statens pensjonsfond – Noreg.

4 Staten sin balanse og kommentarar til finanspostar

I kapittel 4.1 vert staten sin balanse omtalt med notar til vesentlege endringar. I kapittel 4.2 er det gjeve eit oversyn over statens finansinntekter og finansutgifter. I kapittel 4.3 er garantiar omtalte. I kapittel 4.4 er hovudprinsippa som ligg til grunn for føring av statsrekneskapen, stilt opp.

4.1 Staten sin balanse med notar

Kapitalrekneskapen er ei oppstilling av staten sin balanse med hovudvekt på staten sine finansielle eigedelar, gjeld og eigenkapital. Kapitalrekneskapen er presentert i tabell 3.1 i vedlegg 3. Dei vikti-

gaste eigedelane i balansen er i spesielle fond, utlån, fast kapital i statsverksemdene og verdipapir og kapital i staten sine sjølvstendige verksemdar. Realkapital er normalt ikkje med i kapitalrekneskapen. For forretningsverksemdene er realkapital likevel ein del av balansen, jf. vedlegg 5 der balansar er presenterte for forretningsverksemdene.

Staten sine eigedelar auka med 368,5 mrd. kroner i 2008, frå 2 888,9 mrd. kroner til 3 257,4 mrd. kroner. Endringa må for ein stor del tilskrивast auken i verdien på Statens pensjonsfond – Utland. Vesentlege endringar vert omtalte i notane nedanfor.

Tabell 4.1 Staten sine eigedelar og gjeld (tal i mill. kroner)

	Note	31.12.07	31.12.08	Endring
<i>Eigedelar</i>				
60. Bank	1	148 495	147 360	- 1 135
61. Spesielle fond og forsikringar	2	2 153 684	2 404 040	250 356
62. Verdipapir medrekna kapitalen i statens sjølvstendige verksemdar	3	96 741	158 541	61 800
63. Utlån og uteståande fordringar	4	238 278	254 536	16 257
64. Ordinære fond	5	88 489	96 626	8 138
65. Forskot	6	1 099	1 564	465
66. Kapital i statsbankane	7	747	737	-10
68. Fast kapital i statsverksemdene	8	159 612	164 793	5 180
69. Eigenbehaldning statspapir	9	14 041	41 446	27 405
70–73. Mellomrekneskapen med rekneskapsførarar	10	-9 251	-5 399	3 853
77. Overkurs/underkurs statspapir	11	-3 027	-2 125	903
78. Kurs og sikkerheitselement obligasjonar med fortrinnsrett	12	0	-4 695	-4 695
Sum eigedelar		2 888 907	3 257 424	368 517
<i>Gjeld og eigenkapital</i>				
80. Statsgjelda	13	265 348	349 973	84 625
81. Kontolån frå ordinære fond	14	94 919	103 173	8 254
82. Verksemdar med særskilde fullmakter	15	9 286	9 697	411
84. Deposita og avsetjingar	16	18 025	40 759	22 734
87. Overførte unytta løyvingar	17	9 010	7 287	-1 724
99. Avslutningskonto (eigenkapital)	18	2 492 317	2 746 534	254 217
Sum gjeld og eigenkapital		2 888 907	3 257 424	368 517

Notar:

- Note 1. Kontantbeholdninga til staten var 1,1 mrd. kroner lågare ved utgangen av 2008 enn ved utgangen av 2007. Kontantbeholdninga er plassert i Noregs Bank. Sjå tabell 1.14 i vedlegg 1.
- Note 2. Auken i spesielle fond og forsikringar var på 250,4 mrd. kroner og kjem i hovudsak av auken i bokført verdi for Statens pensjonsfond – Utland på 261,1 mrd. kroner. Statens pensjonsfond – Noreg syner ein nedgang på 29,6 mrd. kroner. Statens pensjonsfond vert bokført til marknadsverdi i kapitalrekneskapen. Pensjonsfondet er omtalt nærare i kapittel 3 i denne meldinga. Statens petroleumsforsikringsfond har ein auke på 17,7 mrd. kroner som i hovudsak har med kursendringar på valuta og endra rekneskapsprinsipp å gjere. NORFUND har ein auke på 1,2 mrd. kroner i 2008.
- Note 3. Auken i verdipapir m.m. er netto på 61,8 mrd. kroner, som mellom anna kjem av 46,0 mrd. kroner i auke frå den nye ordninga med obligasjonar med fortrinnsrett (OMF) under Finansdepartementet. Denne auken må sjåast i samanheng med auken i statsgjelda under kontogruppe 80. Netto auke av verdien i aksjar er på 15,7 mrd. kroner. Statens kjøp av aksjar i StatoilHydro ASA utgjer 17,1 mrd. kroner i 2008. Aksjekapitalen i Kommunalbanken AS auka med 372,5 mill. kroner og Eksportfinans ASA auka med 179,9 mill. kroner. Avinor AS er redusert med om lag 1,9 mrd. kroner. Sjå tabell 3.6 i vedlegg 3 for oversikt over statens aksjeinteresser.
- Note 4. Auken i utlån og uteståande fordringar er netto 16,3 mrd. kroner. Av dette er 5,3 mrd. kroner auka utlån for Statens Lånekasse for utdanning og om lag 4,1 mrd. kroner i auka utlån for Husbanken. Innovasjon Noreg sitt ordinære lån og distriktsretta låneordning hadde ein netto auke på 640 mill. kroner. Statens pensjonskasse si bustadlåneordning for tilsette i staten auka med om lag 5,1 mrd. kroner. Utlån til Helseføretaka auka med om lag 1,8 mrd. kroner. Utlån til Store Norske Spitsbergen Kullkompani vart i 2008 nedskrive med 250 mill. kroner til null.
- Note 5. Auken for ordinære fond er på 8,1 mrd. kroner. Av dette utgjer 6,3 mrd. kroner Fondet for forskning og nyskaping, som mellom anna vart tilført 6 mrd. kroner over statsbudsjettet i 2008. Tilskotsfond fylka under Innovasjon Noreg si forvaltning vart oppretta i 2008 med ein kapital på 957,1 mill. kroner. Energifondet hadde ein auke på 884,0 mill. kroner. Ein må sjå kontogruppe 64 Ordinære fond i samanheng med kontogruppe 81 Kontolån frå ordinære fond. Midlane som fonda har ståande på konto i Noregs Bank er òg førte opp som kontolån til staten. Unntak frå dette er Tøyenfondet (234,9 mill. kroner) og Observatoriefondet (27,1 mill. kroner) som berre er aktive under 64 gruppa og ikkje under 81 gruppa. Desse fonda har ikkje konto i Noregs Bank, og Stiftinga Unifor forvaltar dei finansielle egedelane etter avtale med Universitet i Oslo.
- Note 6. Auken i forskot er på 464,8 mill. kroner som i hovudsak gjeld forskot under Samferdselsdepartementet for Statens vegvesen med 324,0 mill. kroner og for Jernbaneverket med 14,3 mill. kroner. Resterande 126,5 mill. kroner gjeld forskot på rammetilskot til kommunar under Kommunal- og regionaldepartementet.
- Note 7. Nedgangen i kapitalen i statsbankane på netto 9,6 mill. kroner kjem av at kapitalen i Husbankens risikofond er redusert med tilsvarende beløp, som følgje av tapsføringar i rekneskapen til Husbanken.
- Note 8. Auken i fast kapital i statsverksemdene på 5,2 mrd. kroner kjem i hovudsak av at kapitalen i SDØE har auka med 4,2 mrd. kroner og kapitalen i Statsbygg har auka med 0,9 mrd. kroner. Sjå òg tabell 3.2 i vedlegg 3.
- Note 9. Auken i eigenbeholdning statspapir på 27,4 mrd. kroner kjem i hovudsak av at statsobligasjonar syner ein netto auke på om lag 11,1 mrd. kroner og at statskassevekslar syner ein auke på 16,3 mrd. kroner.
- Note 10. Statlege verksemdar sitt mellomvære med statskassa gjekk ned med om lag 3,9 mrd. kroner, slik at verksemdene har 5,4 mrd. kroner til gode per 31.12.2008. Stortinget har gjeve Finansdepartementet fullmakt til, i saker under 1 mill. kroner, å postere differansar og uoppklarte saker

mot konto for forskyving i balansen. I større saker kan Stortinget vedta egne fullmakter. Det er i 2008 postert netto 141.544,83 kroner til kredit mot konto for forskyving i balansen. Dette gjeld disse verksemdene (tal i kroner):

LMD/Reindriftsforvaltninga	- 145 709,89
KD/Samisk vidaregåande skole	4 165,06
Samla	- 141 544,83

- Note 11. Som følge av overkurs/underkurs på statspapir, syner bokført verdi ein nedgang med 0,9 mrd. kroner.
- Note 12. Konto for kurs- og sikkerheitselement (konto 78 00 01) heng saman med ordninga med obligasjonar med fortrinnsrett (OMF) som vart oppretta i 2008, og er bokført med kredit 4,7 mrd. kroner i statens kapitalrekneskap. Sjå òg kontogruppe 62 og omtala i note 3 ovanfor.
- Note 13. Statsgjelda hadde ein samla auke på 84,6 mrd. kroner i 2008. Statskassevekslar medrekna veksjar i samband med OMF-ordninga hadde ein auke på 50,0 mrd. kroner. Av dette var 42 mrd. kroner knytt til OMF-ordninga. Kortsiktige kontolån hadde ein auke på 6,9 mrd. kroner, medan faste lån opptekne innanlands hadde ein auke på 27,7 mrd. kroner. Sjå tabell 3.3 i vedlegg 3 for ein nærare spesifikasjon av endringa i statsgjelda.
- Note 14. Kontogruppe 81 Kontolån frå ordinære fond omfattar alle ordinære fond som har fondsmidler plasserte i statskassa på konto i Noregs Bank. Dei fonda der staten både eig og kan disponere fondskapitalen, er i tillegg aktiverte i kontogruppe 64 Ordinære fond. Auken i 2008 er på 8,3 mrd. kroner. Av dette utgjør Fondet for forskning og nyskaping om lag 6,3 mrd. kroner. Energifondet hadde ein auke på 0,9 mrd. kroner. Tilskotsfond fylka under Innovasjon Noreg si forvaltning vart oppretta i 2008 med ein kapital på 957,1 mill. kroner. Konto under gåveforsterkings-

ordninga og Noregs forskingsråd vart oppretta i 2008 med ein kapital på 61,0 mill. kroner.

- Note 15. Kontogruppe 82 omfattar verksemdar med særskilde fullmakter til å nettoføre utgifter og inntekter. Verksemdene sine likvide midlar er plasserte i Noregs Bank og syner ein auke på 411 mill. kroner frå førre året. Samla nivå på midlane er no om lag 9,7 mrd. kroner. Staten kan nytte denne likviditeten, som vert notert som gjeld i kapitalrekneskapen. Sjå tabell 3.1 i vedlegg 3 for detaljar.
- Note 16. Deposita og avsetjingar syner ein auke på 22,7 mrd. kroner. Avsetjing for mellomvere med Statens pensjonsfond – Utland auka med 4,8 mrd. kroner i 2008. Avsetjinga knytt til Statens petroleumsforsikringsfond syner ein auke på 17,6 mrd. kroner som i hovudsak gjeld kursendringar på valuta og endra rekneskapsprinsipp.
